

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 23.05.2012
Møtetid: 09:00
Stad: Møterom: Ytterøyane (Samfunnshuset).
Møtenr.: 5/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (sak 44 - 51/12). Revisor finansiell (sak 44 - 46/12). Revisor forvaltningsrevisjon (sak 51/12).

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 042/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 043/12 Skriv og meldingar.
- 044/12 Årsrekneskapen 2011 - Flora Hamn KF.
- 045/12 Årsrekneskapen 2011 – Havhesten Flora KF.
- 046/12 Årsrekneskapen 2011 – Flora kommune.
- 047/12 Orientering om tilsettingstilhøve sekretær. **(Ikkje offentleg)**.
- 048/12 Orientering om tilsettingstilhøve. **(Ikkje offentleg)**.
- 049/12 Orientering – Trafostasjon i Nybømarka.
- 050/12 Orientering – Reise.
- 051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren.
- 052/12 Opne møte i kontrollutvalet.
- 053/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Flora.
- 054/12 Eventuelt.

Flora, 16.05.2012.

Bjarne Holme (s)
Leiar


Asgeir Tveit

 **SEKOM-sekretariat**
Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gløppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

042/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 14.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.2012	042/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

043/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 14.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.2012	043/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 33-12 Vedtak bystyresak 042/12 Møte- og delegasjonsreglement 2011 – 2015.

SM 34-12 Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune om effektivering politiske vedtak, datert 27.03.12.

SM 35-12 Tilsynsrapport – Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø – Flora vidaregåande skule, datert 29.02.2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	14.12.2010	116/10
Kultur- og oppvekstutvalet	20.03.2012	012/12
Helse- og sosialutvalet	20.03.2012	014/12
Plan- og Miljøutvalet	20.03.2012	010/12
Administrasjonsutvalet	20.03.2012	007/12
Administrasjonsutvalet	11.04.2012	008/12
Bystyret	23.04.2012	042/12

Sakshandsamar:
Edvin Helgheim

Arkiv: K1-044
Objekt:

Arkivsaknr
10/1963

MØTE- OG DELEGERINGSREGLEMENT 2011-2015

Kva saka gjeld:

I samsvar med vedtak i bystyresak 116/10 legg rådmannen fram revidert framlegg til Møte- og delegeringsreglement for Flora kommune.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Møte- og delegeringsreglementet blir godkjend slik det ligg føre i revisjon febr. 2012.
2. Det blir gjort ei justering i kapittelet om kontrollutvalet i pkt 1, "Heimel" i samsvar med merknader frå kontrollutvalet i møte 28.02.12 når det gjeld tilvising til "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet 15.06.04.

20.03.2012 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Røysting:

Saka vart samrøystes teken til vitande.

KUOP-012/12 VEDTAK:

Saka vart samrøystes teken til vitande.

20.03.2012 PLAN- OG MILJØUTVALET

Framlegg:

Plan- og miljøutvalet v/leiar Hanne Husebø Kristensen la fram følgjande framlegg til vedtak:

"1. Framlegg til Møte- og delegeringsreglementet vert teke til vitande."

Framlegg frå Jan Arve Midtbø (V):

"Alle frådelingssaker utanfor regulert område skal til Utbyggingsutvalet."

Framlegg frå Hallgeir Helland (H):

"Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhøyrer Plan- og Miljø saker."

Røysting:

Utvalet sitt framlegg v/leiar Hanne H. Kristensen vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Jan A. Midtbø vart vedteke med 5 – fem- mot 4 –fire- røyster.
Framlegget frå Hallgeir Helland vart samrøystes vedteke.

PMUV-010/12 VEDTAK:

1. Framlegg til Møte- og delegeringsreglementet vert teke til vitande.
2. Alle frådelingssaker utanfor regulert område skal til Utbyggingsutvalet.
3. Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhøyrer Plan- og Miljøsaker.

20.03.2012 HELSE- OG SOSIALUTVALET***Framlegg:***

Høgre v/repr. Anita Solheim Steinseth la fram følgjande framlegg til nytt pkt.1:

Felles framlegg frå HSU:

HSU stiller seg bak rådmannen sitt framlegg i møte- og delegeringsreglementet som gjeld helse- og sosialutvalet, herunder også avvikling av klientutvalet.

HSU tek resten av møte- og delegeringsreglementet til vitande.

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

HSUT-014/12 VEDTAK:

HSU stiller seg bak rådmannen sitt framlegg i møte- og delegeringsreglementet som gjeld helse- og sosialutvalet, herunder også avvikling av klientutvalet.

HSU tek resten av møte- og delegeringsreglementet til vitande.

20.03.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET***Framlegg:***

Leiar i utvalet **Jan Henrik Nygård (V)** la fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Møte og delegeringsreglementet slik det ligg føre i revisjon febr. 2012, vert teke til vitande.
2. Reglement for underutval må utarbeidast.
3. Pkt. 5.2 i Kapittel 1, går ut.

Røysting:

Framlegget frå Jan Henrik Nygård (V) vart samrøystes vedteke.

ADMU-007/12 VEDTAK:

1. Møte og delegeringsreglementet slik det ligg føre i revisjon febr. 2012, vert teke til vitande.
2. Reglement for underutval må utarbeidast.
3. Pkt. 5.2 i Kapittel 1, går ut.

11.04.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg:

Høgre og Venstre la fram slik framlegg til vedtak:

1. Kap.1: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Pkt.2.3: Møtestyrar vert retta til møteleiar.
Kap.2: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Punkt 5.2 går ut.
2. Øvrige kapittel vert utsett til junimøtet.
3. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
4. Det vert etablert egne retningsliner for underutval basert på dette reglementet.
5. Retningsliner for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
6. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

Røysting:

Framlegget frå Høgre og Venstre vart samrøystes vedteke.

ADMU-008/12 VEDTAK:

1. Kap.1: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Pkt.2.3: Møtestyrar vert retta til møteleiar.
Kap.2: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Punkt 5.2 går ut.
2. Øvrige kapittel vert utsett til junimøtet.
3. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
4. Det vert etablert egne retningsliner for underutval basert på dette reglementet.
5. Retningsliner for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
6. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

23.04.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V:

Pkt.1 går ut.

Pkt.2 vert endra slik: Saka vert utsett til junimøtet.

Endre nr.rekkefølga på punkta.

Røysting:

Utsettingsframlegget frå Nygård vart samrøystes vedteke.

BYST-042/12 VEDTAK:

1. Saka vert utsett til junimøtet.
2. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
3. Det vert etablert egne retningsliner for underutval basert på dette reglementet.
4. Retningsliner for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
5. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

Terje Heggheim,
rådmann

Edvin Helgheim,
spesialrådgjevar

Innleiing:

Bystyret gjorde i sak 116/10 i møte 14.12.2010 vedtak om Møte- og utvalstrukturen for bystyreperioden 2011-2015. I punkt 6 i vedtaket heiter det:

- *Det vert å utarbeide nye reglement for dei folkevalde organa og dei kommunale foretaka.* Dette reglementet er Møte- og delegasjonsreglementet som har vore nokså uendra sidan den store omorganiseringa av kommunen sette i verk i 2002, "Omstilling 2000". I den vidare handsaminga brukar vi nemninga "delegeringsreglement" (sjå under vurdering).

I denne bystyresaka vart utvalstrukturen slått fast. Det vart då sagt at Utbyggingsutvalet må få sitt eige kapittel, det same galdt Samferdsleutvalet, som er eit nytt, formelt utval. Ved konstitueringa av den nye bystyret vart det òg valt å nemne opp Viltnemnda og dette utvalet får eige kapittel. Skatteutvalet går ut. Det er òg tilrådd at Klientutvalet blir lagt ned som eige underutval under Helse- og sosialutvalet.

Alle kommunale KF er no komne med, inkludert KF Havhesten som ikkje låg inne. KF Bustad og eigedom går ut sidan det ikkje er eige KF, og KF Hamn og næring er no KF Flora Hamn. Styret for Allhus i Eikefjord ligg inne i samsvar med siste vedtak i bystyret.

Det er gjennomført språkleg retting og rydding av reglementa. Lovtilvisingane er kontrollerte, og det er sjekka opp at reglementa er i samsvar med aktuelle lover der lovene er klare i si påvising av korleis kommunen skal organiserast og sakane skal behandlast. Det er òg gjort justeringar i høve til innarbeidd praksis.

Alle endringar, utanom språklege endringar og lovtilvisingar, er gjort greie for i vedlagde oversyn, "Systematisk oversyn over endringar i reglementet". Oversynet viser kor endringane er gjort, kva som, er gjort og ei kort grunngjeving for endringane. Dei større, prinsipielle endringane er gjort greie for i sjølve saka.

Framlegget til nytt reglement i saman med oversynet over endringar vart utdelt i bystyret 9.februar. Framlegget til "Reglement for kontrollutvalet i Flora kommun" frå 28.02.12 ligg ved.

Vurdering:

Politikk - administrasjon

Rådmannen har i revisjonen av planen prøvd å vere klar på vise skiljet mellom politikk og administrasjon. Politikarane styrer gjennom budsjett- og planarbeid og overordna vedtak, og administrasjonen, representert ved rådmannen, gjennomfører det som er vedteke og har heile ansvaret for drifta. Rådmannen rapporterer til dei politiske organa om drifta, på framdrift og avvik, og gjennom rekneskap og kvartals- og årsrapportering. Kontaktpunktet mellom rådmann og politikk er først og fremst i bystyret, men delar av avgjerdsretten kan vere delegert frå bystyret til ander politiske organ.

Når budsjett og handlingsplanar er vedtekne, har rådmannen alle fullmakter til å disponerer midlane innanfor dei vedtekne rammene, og rådmannen har òg det fulle personalansvaret, inkludert alle tilsettingar (unnateke rådmann og kommunalsjefar). Formannskapet er økonomiutval og er ansvarleg for å legge fram eit budsjett som bystyret til slutt skal vedta. Det er her politikken blir fastlagd, og derfor er det viktig at denne prosessen er grundig og at det blir avsett nok tid til arbeidet. M:a. kan det vere ønskeleg at hovudutvala kjem meir aktivt inn i budsjettprosessen, og det er det òg rom for i reglementet. Rådmannen med sin stab og sine leiarar skal legge til rette for eit best mogeleg grunnlag for budsjettprosessen og kan òg komme med framlegg til budsjett. Men det er altså formannskapet sitt budsjettframlegg bystyret skal handsame. *Det blir arbeidd med ei endring av årshjulet for politikk og administrasjon som skal gje alle partar betre tid til å jobbe fram prioriterte handlingsplanar og budsjett i godt samspel.*

Elles er ansvaret for budsjettarbeidet klart definert i kommunelova § 45.2 "*Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv årsbudsjett og endringer*". I professor Jan Fr.Bernt sine kommentarar til lova, blir det sagt at bystyret kan vedta budsjettet på overordna nivå, t.d. på sektorar, og kan delegerare vidare på underkapittel (t.d. tenestenivå). Men dette vil vere lite aktuelt:

Bystyret vedtar budsjettet sektorvis. Det er netto budsjett som blir vedteke. I investeringsbudsjettet blir kvart enkelt prosjekt vedteke med ei totalramme. Rådmannen fordeler budsjettet på tenestene, stabar og ev fellesområde. Rådmannen deleger budsjettansvaret vidare til tenesteleiarar og stabsleiarar. Derfor er det vanskeleg å tenke seg ein situasjon der ein politisk omfordeler mellom tenestene gjennom budsjettåret. *Det ville vere å bryte den kontrakten bystyret og rådmannen har inngått med dei ansvarlege for tenestene.*

Det kan administrativt skje endringar i tenestene sine budsjett gjennom året, t.d. på grunn av endra føresetnader, men dette skjer då i eit samarbeid mellom rådmannen og dei aktuelle tenestene, og bygger då t.d. på oppfølging av ressursfordelingsmodellar. Derfor er punkta om at formannskapet eller hovudutvala kan overføre midlar frå eitt tenesteområde til eit anna eller på annan måte omdisponere innan budsjettet, teke ut, i reglement for dei ulike utvala og i kap 23: Delegering av mynde i budsjettsaker.

Det er likevel slik at dei politiske utvala kan ha ønske om å styrke enkelte tenesteområde eller støtte tiltak som kjem opp gjennom året. Det er derfor opna for at bystyret i si budsjetthandsaming kan gje t.d. hovudutvala ein pott til disposisjon, på same måte som formannskapets konto. Dette føreset sjølvstyk at det er budsjettmessige rom for det.

Bystyret kan når som helst gjennom året endre rammene for sektorane når endra føresetnader gjer det mogeleg eller nødvendig, men vanlegvis skjer dette ved revidert budsjett i juni. Bystyret kan når som helst inndra ei delegering, men det er føreset at dette skjer i ein dialog med respekt for kvarandre sine rollar. Gode rutinar på kontroll og rapportering vil gje bystyret god oversikt til å kunne vurdere å gå in med tiltak.

Dette skal vere rom for i det framlagde delegeringsreglementet. Og det er særleg handsama i kapittel 23, *Delegering av mynde i budsjettsaker*.

Namnet:

I saka prøver vi konsekvent å bruke nemninga *delegeringsreglement*, ikkje *delegasjonsreglement*. Det er svært ulikt kva kommunar rundt om brukar og begrepa blir til dels brukt om kvarandre. Vi har henta støtte til endringa i Riksmålsforbundet si språkspalte:

"Vi anbefaler DELEGERING om handlingen, 'det å delegere', og DELEGASJON om gruppe utsendinger. Dette er det vanlige i norsk".

Møtereglementet:

Det er ikkje gjort prinsipielle endringar i reglementet, meir ei rydding, der vi m.a. har teke vekk ein del forklarande tekst. Det er teke med eit punkt om at representantane skal kle seg fint i politiske møte, av respekt for ombodet og medrepresentantane. Det er framleis opp til representantane å vurdere kva som er fint.

Nytt i utvala sine reglement:

Kontrollutvalet er eit sentralt organ, og det er viktig at utvalet arbeider i samsvar med lovteksten. Det blir arbeidd med ein revisjon av Kommunelova, og eitt av punkta der vi kan vente endring i er i spørsmålet om møta i utvala skal vere opne eller lukka. Truleg går det i retning av opne møte som hovudprinsipp, men der utvalet kan stenge dørene når saker som i samsvar med lova elles (inkl Forvaltningslova) ikkje skal vere offentlege. I gjeldande lov er hovudprinsippet at dørene skal vere stengde, men utvalet kan velje å opne dei i enkelte saker. Dette er det lagt i reglementet for å komme ei ev endring i møte.

Kontrollutvalet har sjølv kome med framlegg til "Reglement for kontrollutvalet i Flora" i sak 04/12 i møte 28.02.12. Saksinnhaldet er i hovudsak det same som i det reglementet rådmannen har lagt fram. Språkforma er annleis og ville skilje seg frå reglementet elles om vi skulle innarbeide det, og det har òg med nokså detaljerte oversyn over arbeidsmåten i utvalet, som vi ikkje har for dei andre utvala. Det same gjeld ønske om korleis utvalet skal framstå ("Kompetent, uavhengig, objektivt"), som vanskeleg kan fastslåast i eit reglement, men som må komme fram gjennom valprosessen til utvalet og arbeidet som blir gjennomført. I gjeldande reglement under "Heimel" i pkt 1 rådmannen tilrå å oppdatere til "Forskrift om kontrollutval" av 15.06.2004 slik at det blir gjort gjeldande for utvalet sitt arbeid og som vil ta opp i seg mange av dei merknader kontrollutvalet sjølv har. Rådmannen minner at vi ikkje kan forskottere endringar som er foreslått i kommunelova slik kontrollutvalet har gjort i si sak. Desse endringane må komme som ein revisjon når dei er vedtekne.

Formannskapet er eit viktig organ, m.a. som kommunen økonomiutval. Formannskapet skal i sterk grad komme med tilrådingar til bystyret og kan ikkje gjere økonomivedtak, d.v.s. flytte pengar utan at det er særskilt delegert frå bystyret. Ei rekke saksområde vart lagt til formannskapet å vedta eller uttale seg om, som ligg til andre utval, m.a. ein del personalsaker som ligg til

Administrasjonsutvalet (Admu). Dette er òg slik arbeidsdelinga har vore praktisert. *Admu* er ikkje underutval av formannskapet slik det står i eksisterande reglement, men har ein sjølvstendig funksjon eller rapporterer direkte til bystyret. Det er rydda opp i tilhøvet mellom formannskapet og *Admu*. *Admu* skal heller ikkje komme med uttale i økonomisaker/budsjettsaker.

Arbeidsmiljøutvalet sitt reglement er ein god del omarbeidd og er no i samsvar med utvalet sin funksjon i Arbeidsmiljølova og Hovudavtalen. Dette er partsamansett utval som er sterkt regulert av lova og dei avtalane partane i arbeidslivet kjem fram til. Det er særleg understreka utvalet sitt ansvar for verne- og miljøarbeidet.

I Prosjektkomiteen sitt reglement er det gjort to vesentlege endringar som går på økonomi. Formannskapet er delegert ansvaret for å godkjenne prosjektrekneskap for prosjekt inntil 3 mill. kr mot 0,5 mill kr i eksisterande reglement. Sameleis får rådmannen delegert mynde til å kjøpe utgreiings- og prosjekteringsarbeid for eit prosjekt for inntil 1 mill (auka frå 0,2 mill). Føresetnaden for begge er at kostnadene ligg innafør vedteke budsjett, og det er sjølv sagt eit krav for kjøp av tenester at innkjøpsreglementet blir følgt. Dette er ei oppjustering i høve til kostnadsnivå og for få ein meir smidig prosess i gjennomføringa og avslutninga av prosjekt.

Helse og sosialutvalet: Det er innan sektoren kome ein del nye lover som også har innverknad på arbeidsområde og kva saker som er delegerte. Sjå oversikten som ligg ved. Ein del oppgåver er, i samsvar med praksis, flytta frå politikk til administrasjon. Det gjeld t.d. spørsmål om tvangstiltak overfor enkeltpersonar og stenging etter smittevernlova. Statlege føringar som gjeld mattilsynet gjer at kommunen sin rolle blir redusert.

Klientutvalet er foreslått nedlagt. Rådmannen har tidlegare argumentert for ei slik nedlegging, og hovudargumentet er at eit slik utval kan gje lengre sakshandsamingstid med eit ekstra kommunal nivå før klagene ev går til fylkesmannen, som er det formelle overordna klageorganet. Dette er kompliserte faglege saker der fylkesmannen er nøytral klageinstans. Dette er no praksis i dei aller fleste kommunar.

Kultur- og oppvekstutvalet: Her har det kome ei ny lov, Kulturlova. Elles er det gjort framlegg om at foreldreutvala for skule og barnehage skal ha møterett i utvalet. Eksisterande reglement seier at KUOP er overordna organ for samarbeidsutvala, men dette stemmer ikkje, og er teke ut. Samarbeidsutvala har sin lovheimla rett og skal ivareta foreldre/barn sine rettar i skule og barnehage og har uttalerett i ein del saker. Det er òg i eksisterande reglement sagt at samarbeidsutvala har vedtaksrett i budsjett- og plansaker ved skulane. Dette er ikkje lovheimla. Elles skal ikkje samarbeidsutvala vere med i delegeringsreglement, dei er ikkje ein del av den linja i den politiske strukturen.

Plan- og miljø har òg fått ei del nye lover og konsekvensane av dei er innarbeidde i planen med endringar og ev nye arbeidsområde. Ved konstitueringa i haust vart ein del saksområde overførde frå *Utbyggingsutvalet* som òg har "mist" arbeidsområde til *Samferdsleutvalet*. Desse to underutvala av Plan og miljø har òg fått med ei nytt utval, *Viltmemnda*. Sjå arbeidsområda og fordelinga i reglementet og i endringslista.

Ungdommens bystyre sine 21 medlemmar fordeler seg på 12 valde representantar frå skulane og 9 valde på frie lister. Dette er ein modell som Flora er åleine om i fylket, og er truleg med på auke interessa og gjev større engasjement. Skulemandata var i utgangspunktet fordelt på 5 frå Flora Vidaregåande skule (FVG), 4 frå Flora Ungdomsskule (FUS), to frå Eikefjord skule og 1 frå Solheim skule. Dette vart seinare endra slik at fordelinga mellom FVG og FUS vart bytt om pga av større valdeltaking på FUS. Etter at Solheim skule ikkje lenger har ungdomssteg, vart det ved siste val administrativt bestemt at dette eine mandatet gjekk tilbake til FVG. Dette er òg framlegget i reglementet.

Felles: Representasjon, møte-, tale- og framleggsrett

Ungdommens bystyre har i sitt reglement lagt inn i MDR og seinare endringsvedtak fått møterett i hovudutvala og bystyret, og i tillegg har UB hatt tale- og framleggsrett. Dette er truleg i strid med Kommuneleva.

Prof. Jan Fr. Bernt tar utgangspunkt i Kommuneleva § 30. Lova er lite detaljert, men Bernt tar utgangspunkt i kva som er eit formelt møte, kva som kan behandlast og kven som kan delta. *"Karakteristisk for et formelt møte er at det er bare forsamlingens medlemmer som har tale-, forslags- og stemmerett. Andre personer kan etter særskilt vedtak få ordet, men dette må da være klart utskilt fra det allminelige ordskiftet."* Han nemner spesielt i samband med representantar frå "ungdommens kommunestyre". *"Medlemmer av en slik forsamling kan gis adgang til å fremføre synspunkter og forslag i en særleg sesjon for dett, før møtet eller i en pause. Når så møtet i vedkommende organ settes igjen, vil det imidlertid selvsagt være opp til de folkevalgte hvor mye vekt de vil legge på det som er fremført av for eksempel ungdomsrepresentantene, og forslag som blir fremsatt av slike, vil ikke bli gjenstand for voting hvis de ikke tas opp igjen av administrasjonssjefen eller en av de folkevalgte."*

Dette er altså klare ord om kva som er lov å gjere, og rådmannen er opptatt av at det ikkje kan reisast tvil om at vedtaka er gjort i politiske organ som formelt lovleg, som òg Bernt peikar på. Engasjementet som UB og andre interesseorganisasjonar viser, må takast vare på. Det kan òg skje ved høyringar omkring store saker, der mange kan inviterast til å delta, og gjennom at UB og andre kjem uttalar til sakene før dei kjem opp til vedtak i dei politiske organ. Rådmannen vil ikkje legge dempar på ungdommens engasjement og er stolt over atvi har fått eit så aktivt UB som blir lagt merke til fylket rundt of har fått fram mange politiske talent. *Før endeleg avgjerd kan rådmannen vere innstilt på å legge fram saka for kommunaldepartementet for å sjå om det er mogleg å opne for å gje UB fleire rettar.*

Spørsmålet gjeld òg likebehandling med Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma, som har møterett i hovudutvala, men ikkje i bystyret. UB er i det nye reglementet sett opp med møterett i UB til skilnad frå dei to andre organisasjonane.

Kommunale føretak.

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i vedtektene for dei kommunale føretaka, og det har heller ikkje kome framlegg frå noko KF om endring. Reglementa er stort sett identiske for alle KF med unntak av § 4 Formål og ansvarsområde.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Er vist til i sjølve reglementet

Prenta vedlegg:

-Framlegg til Møte og delegeringsreglement for Flora kommune

-Systematisk oversyn av endringar i reglementet

Desse er utsendt tidlegare³. Er det nokon som manglar desse, kan dei vende seg til politisk sekretariat.

- Sak 014/12i Kontrollutvalet ligg ved.

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 27.03.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 166/12

Arkiv: Flora


EFFEKTUERING POLITISKE VEDTAK

Kontrollutvalet i Flora tok i kontrollutvalsmøte 27.03.2012 opp sak om effektivering av politiske vedtak. I sak 031/12 «Politiske vedtak – effektivering» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet registrer at politiske vedtak ikkje vert effektuerte innan gjevne fristar.*
- *Vedtak i Klagesaka kraftlina kv420 Fardal - Ørskog der bystyret gjorde vedtak 09.02.2012 er ikkje sendt OED innan klagefristen.*
- *Kontrollutvalet ber om at rådmannen innan neste møte i kontrollutvalet 27.04.2012 gjev ei skriftleg orientering om rutinar for effektivering av politiske vedtak.*

Vi ber etter dette om at rådmannen gjev ei skriftleg orientering om rutinar for effektivering av politiske vedtak.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er det kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

Sogn og Fjordane kommune – Flora vidaregåande skule

2012
29.02.2011

Innhald

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.....	3
2. Gjennomføring av tilsynet.....	4
3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.....	4
3.1 Førbyggjande arbeid og internkontroll.....	4
3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen.....	8
3.3 Brukarmedverknad.....	11
4. Pålegg om endring.....	13
5. Klage.....	13
Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon.....	13
Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjuet.....	15
Vedlegg 3 Rettslege krav.....	16

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn i 2010 og 2011 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det felles nasjonale tilsynet 2010/2011 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det fylkeskommunen som har det overordna ansvaret. Det er fylkeskommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skulemiljø. Fylkeskommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at det er fylkeskommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Fylkeskommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrkje arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skulemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skulemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbyttet deira.

Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet i 2010 og 2011 er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet 2010 og 2011.

2. Gjennomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleiinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Varsel om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane datert 09.06.2011.
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå skulen 07.10.2011.
- Dagsorden for tilsynet i e-post 02.11.2011.
- Formøte/opningsmøte 08.11.2011.
- Intervju/samtalar 07.11.2011 og 08.11.2011.
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 20.12.2011.
- Sluttmøte 17.02.2012
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 20.01.2012.

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærare om dei rettslege krava og kva dei inneber i formøtet/opningsmøtet 08.11.2011. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skulemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfylt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

- Sogn og Fjordane fylkeskommune har som skuleeigar innført minimum 50 prosent stilling som miljøkoordinator ved alle dei vidaregåande skulane. Det er òg utarbeidd felles retningslinjer for miljøkoordinatoren si rolle, som dannar utgangspunktet for ulik konkretisering av arbeidsoppgåver på den enkelte skule.
- Skuleeigar har pålagt alle vidaregåande skulane i fylket å opprette folkehelsegruppe med representasjon frå skuleleiinga, lærarane, elevane, kantinedrifta, skulehelsetenesta, tannhelsetenesta og miljøkoordinator. Folkehelsegruppa utarbeider eigen handlingsplan og rapporterer til fylkesdirektøren på gjennomføring.
- Dei vidaregåande skulane rapporterer til skuleeigar på ein del forhold i høve tilsynsystemet gjennom årsrapporteringa.

Dokumentasjon og observasjon

I samband med Flora vidaregåande skule sitt førebyggjande arbeid og internkontroll, har Fylkesmannen har fokus på følgjande:

Kan skulen dokumentere korleis ein jobbar med det førebyggjande arbeidet?

- Før oppstart av nytt skuleår har skulen overføringssamtalar med avgjevarskulane, for å få informasjon om eventuelle elevar med særleg trong for oppfølging eller ting ein bør vere merksam på.
- Alle elevar på vg1 har mottakssamtale med kontaktlærer der psykososialt miljø er tema. Kontaktlærer forklarar si rolle som kontaktperson for eleven, og går gjennom ordensreglementet, som og definerer uønskt åtferd. Kontaktlærer forklarar skulen sine plikter etter kapittel 9a, og elevane signerer på eit eige skjema at desse forholda er tatt opp i mottakssamtalen.
- På planleggingsdagane om hausten vert lærarane informert om pliktene etter kapittel 9a. Denne gjennomgangen er frå 2011/2012 og er knytt opp til ein gjennomgang av kontaktlærer- og faglærarinstruksane.
- Elevane blir ved skulestart informert om visjonen, og rektor gir informasjon om nulltoleranse for mobbing og trakassering, og skulen sine plikter etter kap 9a.
- Rådgjevar, helsesøster og miljøkoordinator har presentasjonsrundar for alle nye elevar, informerer om tilbod og korleis elevane kan ta kontakt.
- Etter vedtak i skulemiljøutvalet i desember 2010 og januar 2011 vart det bestemt at elevrepresentantar i skulemiljøutvalet (SMU), saman med rektor, skal gi informasjon i alle klassar om rettar og plikter etter kapittel 9 frå og med skulestart 2011/2012.
- På foreldremøte / informasjonsmøte om hausten informerer rektor om skulen sine plikter etter kapittel 9a, og om foreldra sine rettar. Denne informasjonen ligg og på skulen si heimeside.
- Skulen har etablert ei ordning med overgangsstyre for elevråd, som sikrar kontinuitet mellom skuleåra. Rektor har laga forenkla skulereglar for overgangsstyret.
- Skulen innhentar informasjon om elevane sitt psykososiale miljø gjennom regelmessige kontaktlærartimar, kontaktlærarsamtalar, klasse møte for lærarane i klassen ein gong i månaden, møte i sos.ped.-team og spes.ped.-team annakvar veke, møte mellom administrasjonen, rådgivarar, spes.ped.-koordinator og oppfølgingstenesta, og gjennom Elevundersøkinga som vert gjennomført kvart år.
- Skulen har kvar haust eiga satsing innan psykisk helse/ rusførebygging/ digital mobbing. Skulen har også tiltak i forhold til hybelbuarar og gjennom felles trivselstiltak.
- På våren vert resultatet av Elevundersøkinga presentert for lærarar, Elevrådet og Skulemiljøutvalet kvar for seg.

- Annakvar veke, etter klassemøta, er administrasjonsmøtet utvida til å omfatte alle som har funksjonar innan det sosialpedagogiske arbeidet på skulen.
- Elevrådet har årsplan.
- Skulen har laga ein eigen omfattande instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø som skildrar aktivitet/ deltakarar/ ansvarleg.
- Skulen har tilsett miljøkoordinator. Miljøkoordinator har m.a. ansvar for førebyggjande arbeid, t.d. tiltak som motverkar mobbing, vald, rasisme og rusmiddelbruk.
- Som ein del av skulen sin beredskapsplan har skulen utarbeidd ein eigen handlingsplan i høve mobbing, vald eller truslar.¹
- Skulen har hatt klasseleiing som eit satsingsområde i 2010/2011.
- Skulen har ordensreglement, og har i tillegg utarbeidd egne skulereglar.
- Skulen har omtala handlingsplikta etter opplæringslova kapittel 9a i stillingsinstruksane.
- I stillingsinstruksane er ansvaret for det førebyggjande arbeid knytt til det psykososiale miljøet fordelt mellom dei tilsette.
- Skulen har gjennomført ein ståstad-analyse der blant anna relasjon til elevane var tema.

Har skulen sett seg skriftlege mål for skulemiljøet?

- Rektor skriv at skulen sitt mål for arbeidet med skulemiljøet er å "organisere drifta slik at ein tek i vare krava til ønskt tilstand, organisering og prosess", både når det gjeld "planlegging, gjennomføring, vurdering og involvering".
- Skulen skal etter sin visjon vere "Ein plass for læring, inspirasjon og trivsel".
- Skulen meiner visjonen tek opp i seg sentrale verdiar frå opplæringslova.
- I skulen sin beredskapsplan er det fastsett mål for arbeidet.

Kan skulen dokumentere korleis ein evaluerer arbeidet med skulemiljøet?

- Skulen gjennomfører Elevundersøkinga, og resultatata vert analysert av skulen basert på data frå rapportportalen til Udir. Skulen skriv i si tilstandsvurdering at resultatata frå Elevundersøkinga påverkar utforminga av skulen sin Utviklingsplan.
- Det går vidare fram at Elevundersøkinga også vert nytta til å velje ut satsingsområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet.
- Skulen har utarbeidd ein eigen instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø, der det m.a. går fram at resultatet frå Elevundersøkinga vert teke opp i relevante fora i april. Det er vidare m.a. planlagt møter for å kartlegge sos.ped.-info frå overføringssamtalar, og leiargruppemøter med sos.ped.-team.
- Skulen er kartlagt gjennom ein ståstad-analyse der blant anna relasjon til elevane var tema.
- Stillingsinstruksane er oppdaterte i 2011, og omtale av handlingsplikta lagt inn i alle.

Kan skulen dokumentere korleis dei skaffar seg kjennskap til den einskilde elev si oppleving av skulemiljøet?

- Skulen hentar informasjon gjennom regelmessige "kontaktlærartimar" annakvar veke i kvar klasse/gruppe.
- Kontaktlærarsamtalar.
- Klassemøte med lærarane i klassen ein gong i månaden, der representantar frå sos.ped.-team og spes.ped.-team er til stades.
- Møte i sos.ped.-team og spes.ped.-team annakvar veke.
- Møte mellom administrasjonen og rådgivarar, spes.ped.-koordinator og oppfølgingstenesta.
- Elevundersøking kvar vår.
- Gjennomføring av overføringssamtalar med avgjevarskulane og mottakssamtale om hausten.
- Elevsamtalar, både etter årsplan og meir spontane.
- Klassens time annakvar veke.
- Medarbeidarsamtalar.
- Tillit, observasjon.
- Gjennom trivselstiltak som aktivitetsdagar og aktivitetar på skulen.

¹ "Handlingsplan dersom tilsett/lærer/elev opplever mobbing, vald eller truslar".

Kan skulen dokumentere korleis ein følgjer opp observasjonar som er gjort gjennom kartlegging/observasjonar/samtalar?

- Skulen har rutinar for oppfølging av observasjonar i "Handlingsplan dersom tilsett/lærer/elev opplever mobbing, vald eller truslar".
- Skulen har utarbeidd instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø der det m.a. også går fram korleis tiltak skal følgjast opp.
- Under intervju vart det vist til episodar med nettmobbing og at dette vart følgt opp frå skulen.

Er det klargjort kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande arbeidet?

- I skulen sin instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø går det m.a. fram kven som har ansvar for dei ulike tiltaka.
- Dei tilsette sine stillingsinstruksar omtalar også ansvar i samanheng med førebyggjande arbeid.

Er skuleleiinga involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet?

- Annakvar veke gjennom heile skuleåret møter heile leiargruppa alle som har funksjonar innan det sosialpedagogiske arbeidet.
- Rektor er elevrådet sin kontaktperson i administrasjonen.
- Rektor og ein avdelingsleiar møter i skulemiljøutvalet.
- Rektor og assisterande rektor møter i skuleutvalet.
- Rektor, administrasjonsleiar og ein avdelingsleiar sit saman med verneleiar i LAMU².
- Avdelingsleiarane har møter med sine kontaktlærarar.
- Rektor analyserer Elevundersøkinga og presenterer analysen.
- Rektor er mykje til stades saman med elevane, utvekslar råd og synspunkt.

Har skulen definert kva ein ser på som krenkande åtferd?

- I § 6 i Flora vidaregåande skule sitt ordensreglement er krenkande åtferd definert gjennom eksemplifisering av vanleg god åtferd og avvik frå dette.
- Handlingsplan mot i høve mobbing, vald eller truslar sondrar også mellom ulike typar av krenkande åtferd.
- Skulen har tatt inn handlingsplikta i stillingsinstruksane til dei tilsette.
- Skulen har laga skulereglar som kjem i tillegg til det ordinære ordensreglementet.

Kan skulen dokumentere korleis dei tilsette, elevane og foreldra vert gjort kjende med kva skulen ser på som krenkande åtferd?

- I skulen sin "Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø" går det fram at dei tilsette vert orientert om kapittel 9a ved skulestart. Stillingsinstruksane inneheld også informasjon om handlingsplikta.
- Elevane vert orientert om ordensreglement, klassereglar og definisjonen av krenkande åtferd ved skulestart. Skulemiljøutvalet informerer alle klassane om kapittel 9a om hausten.
- På foreldremøte/ informasjonsmøte i september informerer rektor om skulen sine plikter etter kapittel 9a. I år meiner rektor at hovudtrekka er gjennomgått av kontaktlærarane på foreldremøtet, og at det elles er vist til informasjon som finst på skulen si heimeside.

Tilsynet har fokusert i kva grad skulen sine planar og rutinar vert etterlevde i praksis og om skulen har dokumentert at planar og rutinar vert evaluerte.

- Framlagde dokument og intervju syner at skulen har sentrale dokument og rutinar på plass og at desse også er oppdaterte, samt at skulen har utarbeidd system og rutinar for evaluering. Det kjem fram gjennom intervju at råd og utval i svært stor grad blir involvert i skulen sitt evalueringsarbeid.

Vurdering

² Lokalt arbeidsmiljøutval

Skulen har gjennom innsendt dokumentasjon og intervju vist at skulen imøtekjem lovkrava i opplæringslova når det gjeld det førebyggjande arbeidet. Skulen har utarbeidd "Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø", der det førebyggjande arbeidet er systematisert i ein kalender, med synleggjering av ansvar. Planen omfattar bl.a. overføringsmøter med avgjevarskulane, mottakssamtale, organisering av informasjon til ulike grupper om opplæringslova kapittel 9a, og ulike møtearenaer der elevane sitt psykososiale miljø er tema. Som ein del av skulen sin beredskapsplan har ein utarbeidd ein eigen handlingsplan dersom tilsett/lærer/elev opplever mobbing, vald eller truslar. Skulen har tatt inn eit avsnitt om handlingsplikta i alle dei tilsette sine stillingsinstruksar.

Skulen sin visjon og mål for arbeidet med skulemiljøet inneheld sentrale element som planlegging, gjennomføring, vurdering og involvering.

Skulen evaluerer sitt arbeid med skulemiljøet m.a. ved å analysere resultatane frå Elevundersøkinga. Resultatane vert også nytta til å velje ut satsingsområde, og data vert også tatt opp til drøfting i relevante fora. Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø viser at evaluering bl.a. også skjer gjennom møter, info frå overføringssamtalar, og i leiargruppemøter med sos.ped.-team.

Skulen har mange arenaer for å skaffe seg kjennskap til den einkilde elev si oppleving av skulemiljøet, bl.a. gjennom regelmessige kontaktlærartimar, kontaktlærarsamtalar, klasse møte, sos.-ped. og spes.-ped.møter, Elevundersøkinga, overføringssamtalar, og meir uformelle samtalar og trivselstiltak.

Skulen har utarbeidd to dokument som inneheld rutinar for oppfølging av observasjonar i³. Det er i intervju vist til episodar som viser at skulen følgjer opp observasjonar i praksis.

Leiinga er involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skulemiljøarbeidet på ulike måtar. Det går også fram av intervju at leiinga ved rektor er svært mykje til stades saman med elevane i det daglege.

Krenkande åtferd er definert gjennom døme og reglar om ønskt åtferd i skulen sitt ordensreglement, i skulen sine skulereglar og i skulen sin handlingsplan.

I skulen sin instruks for arbeid med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø, og gjennom intervju, går det fram at tilsette, foreldre og elevar vert informert om ordensreglar, skulereglar, innhaldet i kapittel 9a og definisjonen av krenkande åtferd.

Fylkesmannen sin konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommune – Flora vidaregåande skule har dokumentert at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld for det førebyggjande arbeidet og internkontroll.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfylginga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følgjer hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova oppstiller særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet, og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og

³ "Handlingsplan dersom tilsett/lærer/elev opplever mobbing, vald eller truslar" og "Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø".

tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til i å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagt å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Dokumentasjon og vurderingar av det individretta arbeidet baserer seg i stor grad på intervju med tilsette. Samtaler med elevar har òg vore ei viktig informasjonskjelde.

Er dei tilsette gjort kjent med si handlingsplikt⁴?

- Dei tilsette vert informert om kapittel 9a og den individretta handlingsplikta før skulestart.
- Handlingsplikta er frå 2011 inntatt i dei tilsette sine stillingsinstruksar.
- HMT handboka, herunder handlingsplikta, er gjennomgått med alle tilsette, og blir gjennomgått med ny-tilsette.
- Det er stadfesta igjennom intervju at dei tilsette kjenner til handlingsplikta si.

Undersøker dei tilsette krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

- Gjennom innsendt dokumentasjon og intervju vert det vist til konkrete døme som syner at dei tilsette undersøker krenkjande åtferd dersom dei har mistanke eller kunnskap om dette.
- Skulen har beredskapsplan med skriftlege rutinar for handtering av dette.⁵

Kjenner dei tilsette til innhaldet i handlingsplikta?

- Dei tilsette vert informert om handlingsplikta gjennom møter, gjennomgang av HMT-reglement, stillingsinstruks og beredskapsplan.
- Gjennom intervju stadfestar dei tilsette at dei kjenner innhaldet i handlingsplikta.

Har skulen rutinar som viser kva ein skal gjere når ein har mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar?

- Skulen sin beredskapsplan inneheld rutinar for dette.
- Stillingsinstruksane inneheld også informasjon om handlingsplikta, og rutine for kven som skal varsle og varslast.

Grip dei tilsette inn ovanfor krenkjande åtferd når dei har mistanke eller kunnskap?

- Gjennom intervju går det fram at tilsette grip inn når dei får mistanke eller kunnskap. Detvert gitt informasjon frå leiinga på fellesmøter, og dei tilsette drøftar terskelen både på klassemøter og i meir uformelle fora.
- Krenkande og uønskt åtferd er eksemplifisert i ordensreglement og i skulen sin handlingsplan.

Har skulen rutinar for varsling til skuleleiinga og korleis følgjer leiinga opp varsling?

- Skulen sin handlingsplan inneheld rutinar for varsling, og korleis leiinga skal følgje opp dette.
- Stillingsinstruksane inneheld også informasjon om kven som skal varsle og varslast.
- Gjennom intervju kjem det fram at dei tilsette varslar leiinga i samsvar med rutine. Dei tilsette gir uttrykk for at det er lav terskel for å varsle, og elles at slike problemstillingar blir diskutert på ulike møte. Intervju viser også at varslingar vert følgde opp.

Har skulen rutinar for å fatte enkeltvedtak når ei set i verk tiltak som er av inngripande karakter og bestemmande for eleven sine rettar og plikter?

- I skulen sitt ordensreglement § 11 om "Brot på ordensreglement og refsingstiltak" står det at "Alle tiltaka skal vere nedfelt skriftleg", og i § 12 om "Sakshandsamingsreglar" står det at

⁴ Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

⁵ • "Handlingsplan dersom tilsett/lærer/elev opplever mobbing, vald eller truslar".

“Særskilde tiltak blir rekna som einskildvedtak etter forvaltningslova”. Skulen har såleis rutine for å fatte enkeltvedtak når ein set i verk tiltak av inngripande karakter.

- Gjennom intervju er det stadfesta eit tilfelle av bortvising, der det vart fatta enkeltvedtak.
- Skulen har underveis i tilsynet lagt fram enkeltvedtak om bortvising.

Vert det fatta enkeltvedtak ved skulen dersom foreldre/elevlar ber om tiltak knytt til skulemiljøet?

- Skulen har ikkje lagt fram vedtak som syner at skulen har fatta vedtak etter oppmoding frå elevlar/foreldre.
- Gjennom intervju vert det gitt uttrykk for at skulen ikkje har fått oppmodingar om å treffe vedtak.
- I stillingsinstruksane for tilsette er lovteksten i oppl. § 9a-3 tredje ledd tatt inn.
- Skulen har etablert rutinar for å sikre informasjon om innhaldet i § 9a-3 til tilsette, elevlar og foreldre.
- Skulen har underveis i tilsynet laga mal for vedtak etter § 9a-3.

Vert oppmodingar handsama snarast mogeleg etter at desse har kome til skulen?

- Gjennom innsendt dokumentasjon og intervju vert det stadfesta at ulike situasjonar vert handtert raskt, sjølv om det gjennom intervju kjem fram at det kan synast uklart kva ein legg i oppmoding.

Vert foreldre/elevlar informert om retten til å få enkeltvedtak når dei gjer ei oppmoding til skulen?

- Frå og med hausten 2009 vart retten til enkeltvedtak presisert i skulen sin informasjon til føresette på foreldremøtet.
- Skulen har tydeleggjort plikta til å informere om retten gjennom rutinar, t.d. vert det informert ved skulestart og gjennom skuleåret.

Fattar skulen enkeltvedtak i høve alle oppmodingar dei får?

- Skulen har ikkje fatta enkeltvedtak på bakgrunn av oppmoding, jf. over.

Tar skulen i vedtaket stilling til den enkelte elev sin rett etter § 9a-1 i opplæringslova?

I eit vedtak må lovregelen nemnast, og vedtaksorganet må ta stilling til om retten etter § 9a-1 er oppfylt/ikkje oppfylt.

- Opphavleg hadde ikkje skulen utarbeidd mal for vedtak etter § 9a-3, men under tilsynet har skulen lagt fram slik mal. I malen går det fram at skulen skal vurdere om eleven sin rett etter § 9a-1 er oppfylt eller ikkje, og kva tiltak som er aktuelle etter § 9a-3.

Blir det opplyst om forvaltningslova sine klagereglar og er det skissert tiltak i vedtaket?

- I ny mal for vedtak er det opplyst om dette.

Vurdering

Fylkesmannen finn at dei tilsette på skulen er kjende med handlingsplikta, jf. opplæringslova § 9a-3 andre ledd, og at skulen har fleire rutinar som sikrar formidling av innhaldet i handlingsplikta til dei tilsette. Skulen har rutinar for handtering av krenkande åtferd gjennom skulen sin handlingsplan som er ein del av beredskapsplanen for skulen. Krenkande åtferd er eksemplifisert i ordensreglement og handlingsplan, og det går fram av intervju at terskelen for handtering av handlingsplikta vert drøfta og informert om i ulike møter.

Etter Fylkesmannen sin førebelse rapport har Flora vgs. i eit brev problematisert ein del forhold knytt til enkeltvedtak etter § 9a-3. Det går også fram i brevet at momenta også har relevans for Høyanger vgs. I sluttmøtet gjekk vi gjennom skulane sine rapportar, og drøfta dei aktuelle punkta der problemstillingane låg.

Det er i hovudsak to spørsmål som er problematisert av skulane. Spørsmåla er om det er krav til alvorsgrad før skulen må fatte vedtak, og når skulen faktisk har fått ei oppmoding.

Lovteksten seier at «Dersom ein elev eller forelder ber om **tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant** tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova» [vår utheving].

Ordlyden viser at oppmodingar kan gjelde eit kvart forhold som vedkjem det psykososiale miljøet. Ordet «deriblant» viser at oppramsinga som kjem etterpå ikkje er uttømmende, men meint som eksempel. Utdanningsdirektoratet skriv i rundskriv nr. 2 i 2010 at «elevens rettighet strekker seg lenger enn å verne mot krenkende ord og handlinger som kan ha skadevirkninger. Retten er knyttet til et godt psykososialt miljø og miljøet som faktisk fremmer helse, trivsel og læring». «Eleven og foreldrene kan henstille om tiltak etter § 9a-3 dersom det psykososiale miljøet ikke virker positivt på elevens helse, trivsel eller læring. Det understrekes at det ikke er noe krav om negativ adferd for at foreldrene eller elevens rett til å henstille og eventuelt klage er til stede». «Det understrekes at § 9a-3 ikke bare gjelder ved mobbing og lignende, men gjelder for «tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet»». «Om eleven er krenket eller ikke avhenger av **elevens subjektive opplevelse**, jf. § 9a-1»[vår utheving]. Det er altså ikkje krav om alvorsgrad for at vedtaksplikta kjem inn – ei kvar oppmoding knytt til det psykososiale miljøet vert omfatta av lova. Dette inneberer også at skulen skal gjere vedtak dersom ein vurderer det psykososiale miljøet til å vere tilfredsstillande.

Som det går fram av lovteksten er det når det kjem informasjon frå elev eller foreldre det kan vere snakk om ei oppmoding. Dersom informasjonen kjem frå ein tilsett er det i staden handlingsplikta som vert utløyst. Når ein elev eller forelder kontaktar skulen angående tilhøve som gjeld det psykososiale miljøet, må skulen tolke utsegna, for å finne ut om det gjeld ei oppmoding. Dersom dette er uklart, har skulen ei plikt til å avklare dette. Det er ikkje formkrav til ei oppmoding, og heller ikkje krav om at det vert uttrykt ønske om konkrete tiltak.

Flora vgs. har rutinar for å informere foreldre og elevar om vedtaksretten, og har i løpet av tilsynet utarbeidd mal for å gjere enkeltvedtak etter § 9a-3. Fylkesmannen har lagt vekt på at skulen gjennom tilsynet har arbeidd mykje med, og auka sitt generelle medvit i høve plikta om å gjere enkeltvedtak etter oppmoding.

Fylkesmannen sin konklusjon

Sogn og fjordane fylkeskommune – Flora vidaregåande skule har godtgjort at skulen tek i vare dei rettslege krava som gjeld skulen sitt individuelt retta arbeid.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneheld krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhøyrsløse i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsettjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skulemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleiinga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og *reelt* høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Skulen sine rutinar med omsyn til brukarmedverknad er òg nemnt under kapittel 3.1., om skulen sitt førebyggjande arbeid.

Dokumentasjon og observasjonar

- Det er oppretta samarbeidsutval, skulemiljøutval, og elevråd ved skulen.

Har skulen rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet?

- Skulen har rutinar for involvering av elevane i skulemiljøarbeidet. Skulen har t.d. klassens time annakvar veke.
- Elevrådet har ordning med overgangsstyre for å sikre kontinuitet mellom skuleåra. Elevrådet har ein dag med elevråds-skulering. Vedtekter for elevrådet vart ferdigstilt våren 2011.
- Elevrepresentant frå Skulemiljøutvalet har saman med rektor gått rundt i alle klassane og informert om handlingsplikt og vedtaksplikt etter kapittel 9.

Har skulen rutinar for å halde råd og utval orientert om forhold som er vesentlege for skulemiljøet?

- Skulen skriv at ved normal drift er informasjon ivareteke gjennom instruksar og møteplan for utvala.
- Skulen gir uttrykk for at ein famnar vidt når ein vurderer kva som er vesentleg for råd og utval, og at elevane på denne bakgrunn er godt informert.
- Orientering og involvering av råd og utval er dokumentert gjennom innsendte referat og gjennom intervju.
- Referat frå elevrådet aktuelle saker: prosedyrar for klassens time, gjennomgang av plikter og rettar i elevrådsarbeid.
- Referat frå skuleutvalet syner at utvalet m.a. har drøfta; prosjektet Vurdering for læring med kartlegging av skulemiljøet i klassane, og utarbeiding av Skulereglar.
- Skulemiljøutvalet har m.a. drøfta følgjande saker; opplæringslova §9a-1 og §9a-3, gjennomgang og informasjon av planar og skriv, gjennomført prosjekt om psykososialt miljø, og Elevundersøkinga.

Er det oppretta samarbeidsutval og skulemiljøutval med lovleg samansetjing?

- Utvala er lovleg samansett.

Vert det halde jamlege møte i dei respektive brukarorgana?

- Frå 2011 er det levert inn 3 referat (24.03.11, 22.09.11 og 28.09.11) frå Elevråd, 3 frå Skulemiljøutvalet og eit frå Skuleutvalet (06.10.11). Det er stadfesta at råd og utvala har jamlege møte.
- Elevrådet har årsplan. Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø inneheld elles planar for møte i dei ulike råd og utvala.

Vurdering

Vi ser skuleutvalet og skulemiljøutvalet som sentrale arenaer med tanke på at skuleleiing her skal kunne gje informasjon om t.d. hendingar, planar og vedtak som er vesentlege for skulemiljøet. God informasjon vil kunne leggje grunnlaget for involvering og engasjement hos foreldre og elevar, dvs. å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Det er krav i opplæringslova om at elevar og foreldre skal ha høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. For å oppnå dette skal dei ulike råd og utvala ved skulen ha høve til å uttale seg om saker som er av betydning for skulemiljøet før endeleg vedtak vert gjort. Både gjennom dokumentasjon og intervju kjem det fram at skulen ikkje har etablert rutinar for å halde råd og utval orientert om kva forhold som er vesentlege for skulemiljøet.

Skulen har gjennom innsendt dokumentasjon og gjennom intervju dokumentert at skulen har oppretta og har jamlege møter i alle lovpålagte råd og utval. Skulen har fleire rutinar for å involvere elevane i skulemiljøarbeidet, t.d. klassens time, ordning med overgangsstyre for elevrådet, og rutine for informasjon. Det går fram av intervju at elevane i stor grad vert involverte og tatt med på avgjerd.

Fylkesmannen sin konklusjon

Sogn og fjordane fylkeskommune – Flora vidaregåande skule har dokumentert rutinar og planar som sikrar brukarmedverking i tråd med regelverket.

4. Pålegg om endring

På bakgrunn av det som går fram av kapitla 3.1- 3.3 finn Fylkesmannen ikkje grunnlag for å gje pålegg om endringar til Sogn og Fjordane fylkeskommune – Flora vidaregåande skule.

5. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan klagast på til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er komen fram til fylkeskommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Helge Pedersen
(Revisjonsleiar)

Anne Marte Sæle
(revisor)

Frans Jacob Krebs
(revisor)

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervju
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

Vedlegg	Oversikt over dokumentasjon frå Flora vidaregåande skule	Datert
1	Uttale frå Flora vidaregåande skule i høve nasjonalt tilsyn med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø.	07.10.11
	Omtale av skulen si organisering.	07.10.11
2	Tilsvar til spørsmåla i Fylkesmannen sitt brev	07.10.11
3	Instruks for arbeidet med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø	-
4	Elevundersøkinga vår 2010 for VG1	-
5	Stillingsinstruksar	-
6	Ordensreglement	28.05.09
7	Skulereglar	17.08.11
8	Mal for startsamtalet	-
9	Sosialpedagogiske tiltak 2011/2012	-
10	Referat klasselærarmøte	-
11	Referat sos.ped.-møte	27.09.11
12	Referat spes.ped.-team	28.09.11
13	Skriv om kontaktlærarsamtalen	-
14	Årsplan	-
15	Handlingsplan dersom tilsett/lærer/ elev opplever mobbing, vald eller truslar.	-
16	Referat frå tre møte i LAMU	13.05.11, 24.08.11, 05.10.11.
17	Referat frå fire møte i Skulemiljøutvalet	13.12.10, 20.01.11, 11.04.11, 06.10.11.
18	Referat frå fire møte i Skuleutvalet	14.05.08, 19.05.08, 28.04.09, 06.10.11.
19	Skriv om "Mine oppgåver som tillitsvalgt".	-
20	Referat frå tre møte i Elevråd	24.03.11, 22.09.11, 28.09.11.
21	Prosjektplan for Vurdering for læring 2011/2012	-
22	Årsplan for elevrådet	-
23	Halvårsplan for Åpen skole	-
24	Utviklingsplan 2010/2011	Juni 2010, revidert 29.08.10.
25	Politimelding om mogleg straffbart forhold	04.06.10
26	Kartleggingsresultat Flora vidaregåande skule (Ståstadsanalyse)	19.09.10
27	Vedkjem mellombels tilsynsrapport	06.02.12
28	Mal for vedtak i saker etter § 9a	

Vedlegg 2 Oversyn over deltakarane i tilsynet

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Knut Christian Clausen	Rektor	X	X	X
Kari Slettevåg	Ass.rektor og avdelingsleiar - studiespesialisering	X	X	
May Liss M. Gill	Avdelingsleiar - helse og sosial	X	X	
Jarle Storevik	Avdelingsleiar - idrettsfag	X	X	
Knut Anders Langlo	Kontaktlærer vg1 idrettsfag	X	X	
Hilde Joveig Ellingsund	Kontaktlærer vg2 helse og sosial	X	X	
Siri B. Hjermann	Kontaktlærer vg3 studiespesialisering	X	X	
Nancy Ochoa	Miljøkoordinator		X	
Tone Erdal	Sos.ped.-rådgivar		X	
Norunn Midthjell	Helsesøster		X	
Ottar Hjetland	Rektor Høyanger vgs.			X
Bekka Skaasheim	Fylkesdirektør			X

Det er dessutan gjennomført samtalar med representantar for elevrådet.

Vedlegg 3 Rettslege krav

1 Det førebyggjande arbeidet

§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/krenkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartleggje skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllest.

Skulen blir i § 9a-4 pålagt å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekkje og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skulemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skulemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skulemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sette i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skulemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det fyrste må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skulemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skulemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skulemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skulemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekkje inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter § 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøkje, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,
- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetjingsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova⁶ er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistentar, kontor- og reingjeringspersonale.

⁶ Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjonar, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærare i etterkant kva som faktisk skjedd.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om og blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha ei felles forståing av når det skal varslast, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerda er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftlege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlninga ved skulen

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagt gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlèt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må

levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samband med kravet i § 9a-3 tredje ledd fyrste punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldre klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleeigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandlar noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skulemiljøarbeidet.

I førearbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli høyrde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skulemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Skuleutval – jf. § 11-1
- Skulemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvala skal gjevast relevant informasjon og ein *reell* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

044/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 – FLORA HAMN KF

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.05.2012	044/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Revisjonsmelding frå KRYSS- revisjon datert 17.04.2012.
- Erklæring frå hamnesjef og rekneskapssjef, datert 02.03.2012.
- Årsrekneskap for 2011.
- Årsmelding for 2011..

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 17.04.2012.
- Med atterhaldet og presiseringa til revisor vurderer kontrollutvalet det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2010 – FLORA HAMN KF

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2011 for Flora Hamn KF.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen er avgjeven av rekneskapsjef og hamnesjef. Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 2.032.064,32 og eit netto rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4.153.845,35. Dette er kr. 3.407.421,65 betre enn budsjetter, og etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på dette beløpet. Det ligg til bystyret i samsvar med hamnelova å disponere mindreforbruket.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

I revisjonsmeldinga skriv revisor følgjande: « I samband med avlegginga og godkjenning av årsrekneskapen for Flora Hamn KF for 2010 vart det inntektsført kr. 2.285.713,- som fordring på Flora kommune, utan at tilsvarende vart utgiftsført i kommunen sitt hovurekneskap. Denne saka var til handsaming i Flora bystyre i sak 046/11 den 01.06.11, og blei teke opp att Flora hamnestyre i sak 72/2011. Det er der gjort vedtak om at Flora Hamn KF skal overta området og steinmassane og at fordringa frå 2010-rekneskapen skulle slettast. Forholdet tilseier at inntektsføring frå 2010 skulle vore attendeført i 2011. Det er ikkje gjort. Det ligg til Flora Hamn KF og Flora bystyre å få effektuert dei vedtak som er gjort og å finne budsjettdekning for den utgiftsføringa som må finne stad i denne saka i hht politiske vedtak.

I samband med rekneskapsavslutninga for 2011 er det i 20112 gjort avtale om oppgjør for mellomverande av kommunale kostnader forskottert av Flora kommune angående bygging av offentleg kai på Botnastranda. Beløpet utgjer kr. 1.300.000,- og er bokført /fordelt på to investeringsprosjekt; utan budsjettdekning i 2011. Kr. 1.000.000,- er bokført/fordelt på to investeringsprosjekt «Kai i botnastranda, Fase II. Restbeløpet, kr. 300.000,- er utgiftsført/bokført på nytt investeringsprosjekt, «Lagerbygg kai Botnastranda». Vi kan ikkje sjå at desse er politisk vedteke med løyvde budsjettmidlar, økonomibelastningane manglar derfor budsjettvedtak. Utgiftsføringane er bokført finansiert med bruk av eksterne lånefinansieringar utan at dette er politisk vedteke.»

I revisjonsmeldinga kjem det etter dette til uttrykk at årsrekneskapen er, med unnatak av verknadane av forholda som er omtala ovanfor, avlagt i samsvar med lov og forskrifter og at han i det alt vesentlege gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga og resultatet for rekneskapsåret.

Revisor har også i revisjonsmeldinga teke med presisering der det vert vist til rapport om kommunen sitt reglement for folkevalde si dekning av tapt arbeidsforteneste og møtegødtgjersle. I presiseringa skriv revisor at dette ikkje har fått si avklaring i Flora bystyre innan tidspunktet for rekneskapsavlegginga for 2011.

Utover dette har ikkje revisor merknader i revisjonsmeldinga.

SEKOM-sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til bystyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale. Som nemnt må mindreforbruket for Flora Hamn KF disponerast i samsvar med hamnelova.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariat vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen, med atterhaldet og presiseringa til revisor, kan godkjennast slik han ligg føre.

Flora Bystyre
v/Ordfører
6900 Florø.

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen
Dagleg leiar i Flora Hamn KF
Styreleiar i Flora Hamn KF

Dykkar ref.:
Rekneskap 31.12.2011

Vår ref.:
KRYSS/Flora Hamn KF,
årsrek2011/tf12

Arkivkode:
210PO&14

Journalnr.:
046 / 2012

Dokumentdato:
17. april 2011

REVISJONSBERETNING 2011, Årsrekneskapen for Flora Hamn KF 31.12.2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert særrekneskapen for Flora Hamn KF, som består av balanserekneskap, investeringsrekneskap og driftsrekneskap pr. 31.12.11 med økonomiske oversikter og noteopplysningar. Driftsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr. 4.153.845,35. Dette er ca. 3,1 mill. kr. Betre enn revidert budsjett. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er driftsrekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig overskot på kr. 3.407.421,65. Investeringsrekneskapen viser samla utgifter på kr. 32.904.294,17. Det er motteke statlege overføringar med 15,8 mill. kr. og bruk av eksterne lånemidlar i året utgjer ca. 14. mill. kr. Det er nytta ca 3 mill. kr. i bruk av eigenkapitalen for å gjere opp investeringsrekneskapen i balanse.

Lov om havner og farvann av 17.04.2009 definerer kva som høyrer til hamnekapitalen (§47) og kva hamnekapitalen kan nyttast til (§48, 1.avsn.). "Havnekapitalen skal holdes regnskapsmessig adskilt fra kommunens øvrige midler" jmf. §47 i Lov om havner og farvann av 17.04.2009.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særrekneskapen for det kommunale føretaket, og for at det gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å mogleggjere utarbeidinga av eit særrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av mislegheiter, feil eller manglar.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne særrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avhenger av revisor sitt skjønn, herunder vurderingane av risikoane for at særrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast mislegheiter, feil eller manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for føretaket si utarbeiding av ein særrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av føretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av særrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessige som grunnlag for våre konklusjonar.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

I samband med avlegginga og godkjenninga av årsrekneskapen for Flora Hamn KF for 2010 vart det inntektsført kr. 2.285.713,- som fordring på Flora kommune, utan at tilsvarande vart utgiftsført i kommunen sitt hovudrekneskap. Denne saka var til handsaming i Flora Bystyre i sak 046/11 den 01.06.11, og blei teke opp att i Flora hamnestyre i sak 72/2011. Det er der gjort vedtak om at Flora Hamn KF skal overta området og steinmassane og at fordringa frå 2010-rekneskapen skulle slettast. Forholdet tilseier at inntektssføringa frå 2010 skulle vore attendeført i 2011. Det er ikkje gjort. Det ligg til Flora Hamn KF og Flora Bystyre å få effektivert dei vedtak som er gjort og å finne budsjettdekning for den utgiftsføringa som må finne stad i denne saka i hht politiske vedtak.

I samband med rekneskapsavslutninga for 2011 er det i 2012 gjort avtale om oppgjør for mellomverande av 'kommunale kostnader forskottert av Flora kommune' angående bygging av offentleg kai på Botnastranda. Beløpet utgjer kr. 1.300.000,-, og er bokført/fordelt på to investeringsprosjekt; utan budsjettdekning i 2011. Kr. 1.000.000,- er utgiftsført/bokført på prosjekt, "Kai i Botnastranda, Fase II. Restbeløpet, kr. 300.000,-, er utgiftsført/bokført på nytt investeringsprosjekt, "Lagerbygg kai Botnastranda". Vi kan ikkje sjå at desse er politisk vedteke med løyvde budsjettmidlar, og økonomibelastningane manglar derfor budsjettvedtak. Utgiftsføringane er bokført finansiert med bruk av eksterne lånefinansieringar utan at dette er politisk vedteke.

Konklusjon med forbehold

Etter vår meining er årsrekneskapen, med unnatak av verknadene av forholda som er omtala ovanfor, avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora Hamn KF pr. 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som blei avslutta pr. denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Uttale om øvrige forhold

Konklusjon om særbudsjett

Basert på vår revisjon av særrekneskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekneskapen stemmer med regulert budsjett; jfr. likevel *forbeholda ovanfor og presiseringa* nedanfor.

Konklusjon om årsberetninga/årsmeldinga

Basert på vår revisjon av særrekskapskapen som beskrive ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særrekskapskapen i det alt vesentlege er konsistent med særrekskapskapen og elles i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av særrekskapskapen som beskrive ovanfor, og kontrollhandlingar som vi har funne nødvendige i tråd med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt sin plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk, og god bokføringsskikk.

Presisering:

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi henvise til at det tidlegare i eigen rapport er teke opp forhold kring kommunen sitt reglement for folkevalde si dekning av tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjerdsle. Dette er rapporter til Flora Bystyre og gjeld også dei kommunale føretaka, og vi konstaterer at dette ikkje har fått si avklaring i Flora Bystyre innan tidspunktet for rekneskapsavlegginga for 2011.

Florø, 17. april 2012
 Kommunerevisjonen
 Trine Soyum og Sunnfjord
 Postboks 227 6801 Førde
 Førde
 Dølgelgeiar/Revisjonssjef



 Trine Vokuhl
 Kommunerevisor 1



FLORA HAMN KF
Postboks 17, 6901 Florø

Årsmelding 2011

Flora Hamn KF



FUGLESKJERET: Fugleskjerskaia ligg i sentrum av Florø. Her er kai lengda til saman 560 meter, fordelt på ulike kaiar for passasjertrafikk, hurtigruteanløp, linjeanløp for containerskip og godstrafikk m.m.

Årsmelding 2011 – Flora hamn KF

INNLEIING.....	1
Drift.....	2
Økonomisk resultat 2011.....	3
Aktivitet.....	4
Personale / HMS.....	4
Styret.....	5
Avtaler.....	5
Ny lov om hamner og farvatn.....	5
Industriområder	5

Årsmelding 2011 - Flora Hamn KF

Innleiing

2011 har vore eit spanande og utfordrande år for Flora Hamn KF.

Vi hadde og ei svært trist hending i 2011 Den 30.01.2011 fekk vi meldinga om at mangeårig tilsett i hamna, Kjell Eikefjord, brått og uventa gått bort. Kjell hadde mange års fartstid på hamna. Vi mista med han ein god kollega.

Det har i 2011 vore arbeidt for å få i gang eit § 27 samarbeid om felles sjøområde for kommunane mellom ytre Sogn og Bremanger. Det var når samarbeidet starta 01.01.2012, 7 kommunar med i samarbeidet. Kommunane som er med er:

Hyllestad.

Askvoll.

Fjaler.

Gaular.

Førde.

Naustdal.

Flora.

Knut Eikeland har vore engasjert som prosjektleiar for etableringa av den nye eininga. Hamna har her brukt ein del resursar til opp start av Alden hamneområde, som vil verte refundert.

Dette er reflektert i rekneskapen for 2011.

Samarbeidet skal ledast av eit råd bestående av ein representant frå kvar kommune som er med i samarbeidet. Vidar Grønnevik er valt som leiar for rådet.

Monica Sande frå Bremanger kommune er inn leigd i inntil 50 % stilling i samarbeidet. Ho er og sekretær for samarbeidet.

Flora Hamn KF har i 2011 hatt glede av å opne to nye kaiar. Ei djupvasskai på Botnastranda med ei lengde på 150 m og djupne langs kai front på 13 m. Kaia vart teken i bruk 18. juli. Denne kaia vart offisielt opna av fylkesordførar Nils R. Sandal 8. september. Det andre prosjektet var ei flytekai i indre hamn som i all hovudsak skal brukast av dei mellomstore fiskefartya som vitjar Florø, men kan og brukast av brønnbåtar og andre. Denne kaia vart opna av ordførar Bengt Solheim Olsen 27. oktober.

Flora Hamn KF har i 2011 gått vidare med planer om nytt administrasjonsbygg på Fugleskjerkaia og Asplan Viak har laga ei skisse over korleis dette kan verte. Planen omfattar med anna ein skysstasjon som skal romme bussterminal, taxi sentral og båt terminal for lokale rutebåtar og ekspressbåtruta Bergen – Nordfjord – Bergen.

Administrasjonsbygget er planlagt å inne holde kontor, venterom for passasjerar, kvilerom for sjåførar med tillegg av eit lagerbygg for gods. Arbeidet med revidering av reguleringsplan for Fugleskjerkaia er starta.


Det har i 2011 vore arbeid for å få utdjupa innseglinga til Florø ved Florølykta. Søknad er sendt til Kystverket og det har vore møte mellom Kystverket og Hamna.

Hamna har i 2011 sett litt på muligheit for fiskerikai i Hesteneset.

Eksterne finanstransaksjonar var budsjettet med kr. – 57,4 mill. Rekneskapen viser kr. – 55,2 mill.

Netto driftsresultatet er kr. 3,9 mill. betre enn budsjettet.

For drifta i einingane viser kontrollutvalet til note 20 "Økonomisk oversikt drift pr. teneste" og til tabellen på side 39 i årsrapporten. Desse viser at ein samla på tenesteområda har lite avvik i høve til budsjett, og at det hovudsakleg har vore god budsjettdisiplin i einingane. Det er likevel enkelte einingar med større avvik. Det vert vist til revisor si presisering 2 i revisjonsmeldinga som påpeikar dette.

Revisor har gjort presisering kring lån innanfor sjølvkostområdet og kring eigen rapport som er skriven om sjølvkostområdet. Det vert vist til presisering 1 i revisjonsmeldinga.

Hovudkontor
6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 82 68
Mob. tlf. 913 47 077
e-post: post@sekom.no

Regionkontor
Hafstadvegen 21
Postboks 338, 6802 Førde
Mob. tlf. 976 15 363
e-post: post@sekom.no
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554
Kontonr. 3705.08.3257

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Revisor har også presisering kring inndekking av akkumulert underskot. Denne er stort sett i samsvar med regulert budsjett, men langt under det som låg føre i opprinneleg budjett. Det vert vist til presisering 3 i revisjonsmeldinga.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse. Revisor har i si presisering 2 i revisjonsmeldinga påpeika at det er registrert forholdsvis store avvik mellom rekneskap og budsjett for enkelte prosjekt, og minner i den samanheng om krav i kommunelova om å regulere budsjettet når føresetnadene endrar seg.

Flora kommune har høg gjeldsgrad. Gjeldsgrada er pr. 31.12.2011 på 96,89% mot 90,80% pr. 31.12.2010. Jfr. balansen. Kontrollutvalet merkar seg rådmannen sine kommentarar om lånegjelda i årsrapporten side 33 og 34. Kontrollutvalet peikar på at den høge lånegjelda, utviklinga i lånegjelda og konsekvensen av dette er urovekkjande.

Flora kommune har positiv arbeidskapital. Arbeidskapitalen er redusert frå kr. 129,6 mill. pr. 31.12.2010 til kr. 60,7 mill. pr. 31.12.2011. Jfr balanseoversikta. Vi viser også til note 1 Endring i arbeidskapital.

Kontrollutvalet vil utover dette vise til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga. Revisor har, som nemnt over, tre presiseringar.

Med presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Flora kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Bjarne Holme

Ingvar T Myrvollen

Bjørg Mikalsen

Berit Hovland

Henning Ryland

Hovudkontor
6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 82 68
Mob. tlf. 913 47 077
e-post: post@sekom.no

Regionkontor
Hafstadvegen 21
Postboks 338, 6802 Førde
Mob. tlf. 976 15 363
e-post: post@sekom.no
Faks 57 72 20 10

Org.nr. 987 631 554
Kontonr. 3705.08.3257

Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord
Pb. 487

6801 FØRDE

KOMMUNEREVISJONEN
Ytre Sogn og Sunnfjord
KRYSS-REVISJON

Dato: 29.02.2012 Off:
Sak nr. 051/2012 Regist:
Arkiv: 2108/14
Avd.kode: 1401
Sakshandsamat T.F.

Vår ref.
12/442-1/K1-//LIAS

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 28.02.2012

ERKLÆRING - FLORA KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP 2011

Vedlagt følger årsrekneskap 2011 for Flora kommune.

Det vert med dette stadfesta at:

- Rekneskapen er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle vesentlege opplysningar om kjente økonomiske plikter - både påløpte og stipulerte.
- Driftsrekneskapen viser et mindreforbruk på 2,353 mill kr. Mindreforbruket er ført til inndekning av tidlegare års meirforbruk. Akkumulert meirforbruk pr. 31.12.2011 vert med dette 15,951 mill kr. Det er opp til bystyret og gjere vedtak om inndekking utover budsjettet sum på 2,296 mill kr med 0,057 mill kr når årsrekneskapen skal vedtakast i juni 2012.
- Driftsrekneskapen byggjer på ein føresetnad om korresponderande vedtak i Flora Hamn KF om betaling for kommunale tenester knytt til bygging av ny offentleg kai i Botnastranda; 1,3 mill kr.
- Akkumulert underskot i investeringsrekneskapen per 31.12.2010 på 2,043 mill kr er dekt inn i 2011. Underskotet kom av eigenkapitalinnskot i KLP for perioden 2004-2008.
- Testamentarisk gåve er ikkje registrert i rekneskapen. Det er vedteke statuttar for disponering av midlane, men endeleg oppgjer er ikkje fullført.
- Alle vesentlege garantiforpliktingar for kommunen er med i oversikt over garantiforpliktingar pr. 31.12.2011.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigardelar oppført i balansen. Desse var i kommunen sin eige pr. 31.12.2011, og var ikkje stilt som sikring utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Ved utgangen av året ligg desse rettslege tvistane føre:
 - Tre barnevernssaker for fylkesnemnda
 - Tre barnevernssaker for tingretten
 - Ei barnevernssak for lagmannsretten
- Vi kjenner ved utgangen av året ikkje til at det ligg føre andre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege økonomiske plikter.
- Vi kjenner ikkje til at Flora kommune har brote avtaler eller offentlege påbod på ein slik måte at det kan påføre selskapet vesentlege økonomiske plikter.



Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Til Bystyret i Flora kommune
v/Ordføreren

6900 Flora

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

Dykkar ref.: Kommunerekneskapen 2011	Vår ref.: <u>Flora</u> rev.beretning2011	Arkivkode: 210&14	Journalnr.: 049/2012	Dokumentdato: 20. april 2012
---	---	----------------------	-------------------------	---------------------------------

REVISJONSBERETNING FLORA KOMMUNE 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Flora kommune, som er samansett av balanse pr 31.12.2011, driftsrekneskap som viser *eit netto driftsresultat (overskot)* på kr. 11 711 943,74. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse (0,-). I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2011, som inneheld ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil og manglar.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil og manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon:

Vi meiner å kunne uttale at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Flora kommune pr 31.12.2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. 31.12.2011, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk og god bokføringsskikk.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er samanstillt og i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett; jfr. likevel *presisering* nedanfor.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisor/kontroll av historisk økonomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande *presiseringar*:

1. *Under memoriapostane i balanserekneskapen går det fram at det ved årsskiftet står til rest 1,55 mill. kr. av tidlegare års lån av sjølvkostfond kloakk. Dette er innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2012. 1 mill kr av opprinnelege lån (2,55 mill. kr.) av sjølvkostfondet er dekkja over driftsrekneskapen i 2011; jfr. merknad til årsrekneskapen for 2010; og Note 11 i rekneskapen for 2011.*

Vi viser til 'Note 18' i rekneskapen for det som gjeld sjølvkostområda i kommunen. Vi gjer merksam på at i 2011 har rutine kring etterkalkulasjon på sjølvkostområda vore underlagt særskild kontroll gjennom ein bestilt forvaltningsrevisjon frå Kontrollutvalet si side. Rapport kring dette vil ligge føre i mai 2012.

2. *Vi viser til utskriftene av drift- og investeringsrekneskapen der det på einsskilde tenester/prosjekt er registrert forholdsvis store avvik mellom rekneskap og budsjett. Vi minner i den samanheng om kommunelova §§ 46 og 47 sine krav til regulering av budsjettet når føresetnadene endrar seg.*

3. Det er dekket inn 2,353 mill. kr. av akkumulert underskot. Dette er stort sett i samsvar med regulert budsjett. Opprinneleg budsjett for 2011 hadde i seg ei inndekking av underskot på 15,936 mill. kr. Pr. 31.12.2011 utgjør rest udekket akkumulert underskot kr. 15.950.806,90.

Florø den 20. april 2012

Kommunerevisjonen
Kvernberga og Sunnfjord
Postboks 187, 6801 Førde
Førde Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

49/12 ORIENTERING - TRAFOSTASJON I NYBØMARKA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.12	049/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune orientering – trafostasjon i Nybømarka, datert 30.04.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 041/12 Eventuelt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING - TRAFOSTASJON I NYBØMARKA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om tilhøva kring trafostasjon i Nybømarka.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 27.04.2012 vart det teke opp sak om orientering kring trafostasjon i Nybømarka 041/12 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Ny trafostasjon i Nybømarka er under bygging – Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen orienterer om byggeprosessen i denne saka på neste kontrollutvalsmøte.*

27.04.2012 har kontrollutvalet sendt brev til rådmannen der han er orientert om at han vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

Sekretariatet sine vurderingar.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 30.04.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 206/12

Arkiv: Flora

ORIENTERING – TRAFOSTASJON I NYBØMARKA

I kontrollutvalsmøte i Flora den 27.04.2012 i sak 041/12 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Ny trafostasjon i Nybømarka er under bygging – Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen orienterer om byggeprosessen i denne saka på neste kontrollutvalsmøte.*

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket. Neste møte i kontrollutvalet er tidfesta til 23.05.2012.

Med helsing


Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

50/12 ORIENTERING - REISE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.12	050/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune orientering – rådmann og ordførar si reise til USA, datert 30.04.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 041/12 Eventuelt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

ORIENTERING - REISE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmannen orienterer om tilhøva kring rådmann og ordførar si reise til USA.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 27.04.2012 vart det teke opp sak om orientering kring trafostasjon i Nybømarka 041/12 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer orientering om rådmann og ordførar si reise til USA april/mai. Kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om målet med reisa og finansieringa av denne.*

27.04.2012 har kontrollutvalet sendt brev til rådmannen der han er orientert om at han vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket.

Sekretariatet sine vurderingar.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 30.04.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: Vø

Jnr.: 208/12

Arkiv: Flora


ORIENTERING – RÅDMANN OG ORDFØRAR SI REISE TIL USA

Kontrollutvalet i Flora heldt møte 27.04.2012. I sak 041/12 «Eventuelt» gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ynskjer ein orientering om rådmann og ordførar si reise til USA april/mai. Kontrollutvalet ynskjer å bli orientert om målet med reisa og finansieringa av denne.*

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere slik det går fram av vedtaket. Neste møte i kontrollutvalet er tidfesta til 23.05.2012.

Med helsing


Vidar Øvrebø

SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

**051/12: FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR
– VAR-SEKTOREN - FLORA KOMMUNE**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	2305.2012	051/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar – VAR – sektoren», datert 16.05.2012..

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 032/08, 034/08, 038/10 og 043/10.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Bystyret viser til forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, datert 16.05.2012.
- Bystyret ber administrasjonen vurdere forankringa av fordelingsnøklane for indirekte kostnader i VAR rekneskapen og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane i H 2140. Dette skal blant anna innebære at nøklane er etterprovbare.
- Bystyret ber administrasjonen vurdere behovet for oppdatering av økonomihandboka og sjå til at denne er oppdatert og i samsvar med praksis og relevant regelverk.
- Bystyret ber kontrollutvalet følgje opp merknadene bystyret har til rapporten,

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – SJØLVKOSTBEREKNINGAR PÅ VAR-SEKTOREN – FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport ”Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren”.

Saksopplysningar:

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 der det bl.a. står:

”Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon).”

Oppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er vidare heimla i kapittel 5 i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

”Kap. 5. Kontrollutvalgets oppgaver ved forvaltningsrevisjon

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidlige saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.”

Det vart i 2008 gjennomført overordna analyse som var grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og vidare arbeid med forvaltningsrevisjon. I sak 043/10 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tinging” den 18.10.2010 gjorde kontrollutvalet vedtak om tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren». Frist for levering var sett til 01.11.2011.

Prosjektet hadde følgende problemstillinger:

1. Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm?
2. Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert evt. fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar?
3. Er evt. særтарiffar/gebyrsatsar for einsskilte personar eller verksemdar i samsvar med regelverket?
4. Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutinehandboka for "Kredittpolitikk og fakturering?"

16.05.2012 har KRYSS-revisjon levert rapport for prosjektet.

KRYSS-revisjon har gjeve følgjande konklusjonar og tilrådingar til problemstillingane i prosjektet:

Problemstilling 1

Konklusjon:

Fordelingsnøkklane som ligg til grunn for fordeling av internkostnader er ikkje godt nok dokumentert i høve krava i H – 2140.

Tilråding:

Interntenestene i sjølvkostrekneskapen på VAR området bør forankrast i samsvar med anbefalingane i H 2140. Dokumentasjonen på fordelingsnøkklane bør vere etterprovbar.

Problemstilling 2

Konklusjon:

Flora kommune overfører overskot på sjølvkosttenestene til bundne driftsfond på dei einsskilte sjølvkostområda. Lånet frå sjølvkostfond kloakk må tilbakeførast i 2011 rekneskapen. Det vil få direkte resultatteffekt.

Problemstilling 3

Konklusjon:

Det er ingen personar, bedrifter eller organisasjonar som har eigne særтарiffar eller gebyrsatsar i Flora kommune.

Problemstilling 4

Konklusjon:

Utfakturering av gebyr vert ikkje gjort i samsvar med økonomihandboka slik ho ligg føre. Økonomihandboka har ikkje vorte oppdatert eller revidert sidan januar 2002. Økonomihandboka er på mange området utdatert. Nytt praksis på utfakturering og innføring kan soleis ikkje vurderast mot relevant lokalt vedtekne rutiner. Dei framlagde rutinene som skildrar arbeidsfordeling, kvalitetssikring og faktiske rutiner er ikkje formelt forankra eller sanksjonert av rådmannen. Desse har difor ikkje status som formelle styringsdokument og kan ikkje av oss få status som revisjonskriterium.

Tilråding:

Vi vil tilrå at rådmannen snarast byrjer arbeidet med å revidere økonomihandboka. Faktiske rutiner som vert nytta i dag, bør samlast og vurderast. Arbeidet med å revidere internkontrollrutinene bør involvere alle einingar. Revidert interkontrollsystem på økonomiområdet bør leggjast fram for bystyret som eiga sak.

Etter forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar § 8 skal administrasjonssjefen bli gjeven høve til å gje uttrykk for sitt syn på dei tilhøva som er omtala i rapporten.

Administrasjonssjefen har sendt tilbakemelding på rapporten til KRYSS-revisjon 16.05.2012. Merknadane til rådmannen er innarbeidd i eige kapittel i rapporten; kapittel 11.

Kontrollutvalet si oppgåve er no å gje ei tilråding til bystyret om rapporten, jfr, forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §11.

Revisor og rådmann vert kalla inn til møtet. Det vil då vere høve til å få nærmare avklaring på evt. spørsmål.

Sekretariatet sine vurderingar:

Heimel for sekretariatet si handsaming av saka er § 20 2. ledd i forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar:

"§ 20. Sekretariat

2. ledd.

Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og at utvalgets vedtak blir iverksatt. "

I rundskriv 02/06 frå KRD er det gjeve ei nærmare tolking av korleis denne paragrafen er å forstå. *"Rapporter som avgis av revisor på revisors selvstendige faglige ansvar vil kontrollutvalgets sekretariat ikke ha adgang eller mulighet til å overprøve. Også slike rapporter skal imidlertid gå via sekretariatet, men i slike saker vil sekretariatets saksforberedelse være en formalitet."*

Sekretariatet vurderer det slik at revisor har svart på alle dei fire problemstillingane i tingsingsdokumentet.

Kontrollutvalet skal rapportere om sitt arbeid til bystyret. Dette kan gjerast på ulike måtar. I og med at revisor har konkrete tilrådingar om tiltak i rapporten, tilrår vi at rapporten vert lagt fram til handsaming i bystyret.



KRYSS REVISJON

**KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD**

FORVALTNINGS- REVISJONS- PROSJEKT

Flora Kommune

”Sjølvkostberekningar på VAR sektoren”

1	INNLEIING	3
1.1	Samandrag av rapporten	3
1.2	Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:	3
1.3	Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen	3
2	OM FORVALTNINGSREVISJON	4
2.1	Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon	4
2.2	KRYSS-Revisjon	4
3	BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA	4
3.1	Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen	4
3.2	Tingingsdokumentet frå SEKOM	4
3.2.1	Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følge tingingsdokumentet	4
3.2.2	Presisering av vår oppdragsforståing	5
4	REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM	5
4.1	Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium	5
4.2	Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet	5
4.2.1	Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten	7
5	METODE	7
6	SKILDING AV DET REVIDERTE TENESTEOMRÅDET	8
6.1	Administrativ organisering:	8
7	PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	8
7.1	Fakta	8
7.1.1	Innleiing	8
7.1.2	Presisering	8
7.1.3	Dokumentasjonen frå kommunen.	9
7.1.4	Revisjon	9
7.1.5	Læringar	9
7.1.6	Juridisk teneste	9
7.1.7	Tenestetorg	9
7.1.8	Fag og utvikling, inklusiv, personal og IKT- avdelinga	10
7.1.9	Kompetanse, fellesutgifter økonomi, avskrivningar EDB utstyr og gruppeliv/yrkesskade	10
7.2	Vurderingar og konklusjonar	10
7.2.1	Fordelingsnøklane i Flora kommune	10
7.2.2	Krav til dokumentasjon på interntenester jf H – 2140	11
7.2.3	Konklusjon.	11
8	PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	11
8.1	Fakta	11
8.1.1	Nytta metode til denne problemstillinga	11
8.1.2	2009 - 2010	12
8.2	Vurderingar og konklusjon	12
8.2.1	Konklusjon	12
9	PROBLEMSTILLING 3: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR	12
9.1	Fakta	12
9.2	Vurderingar og konklusjon	13
9.2.1	Konklusjon.	13
10	PROBLEMSTILLING 4: FAKTA, VURDERINGAR OG KONKLUSJONAR	13
10.1.1	Avgrensing av problemstillinga	13
10.1.2	Metodisk tilnærming	13
10.2	Fakta	14
10.2.1	Internkontrolltiltak	14
10.2.2	Faktureringa	14
10.2.3	Internkontrolltiltak før fakturakøyring	14
10.2.4	Purring	14
10.2.5	Kontroll av tilfeldig utvalde faktura	15
10.3	Vurderingar og konklusjon	16
10.3.1	Konklusjon	16
11	Rådmannen sine kommentarar til rapporten	17

1 INNLEIING

Nedanfor følgjer samandraget av denne forvaltningsrevisjonen .

Der det er laga konklusjonar, er desse presenterte der dei naturleg høyrer heime i samandraget.

1.1 Samandrag av rapporten

I forvaltningsrevisjonsprosjektet er 4 problemstillingar jf. tingingsdokumentet, vurdert.

Vi har først undersøkt om fordelingsnøkklane for indirekte kostnader i VAR rekneskapa er i samsvar med regelverket.

Vi har slått fast at Flora kommune faktisk fordeler interntenestene sine til sjølvkostområda på VAR området. I undersøkinga har vi konkludert med at fordelingsnøkklane ikkje er godt nok dokumentert i høve krava i H – 2140. Det er ikkje nok å syne til eit fagleg skjønn åleine. Vi rår kommunen til å forankre fordelingsnøkklane meir i samsvar med anbefalingane i H 2140. I det ligg det at dokumentasjonen på nøklane bør vere etterprovbar.

Neste problemstilling spør om kommunen overfører mindreforbruk til sjølvkostfonda, og om fondsmidlane på sjølvkostfonda vert nytt innan gjeldande fristar. Vi fastslår at det er samsvar mellom inngåande og utgåande balanse på fonda, og at bruk og avsetning til dei same fonda er korrekt. Det vert gjort merksam på at driftsrekneskapen for 2011 vil få ei utgift på 1 million kroner som følgje av eit tidlegare lån frå sjølvkostfond kloakk.

Tredje problemstilling spør om det eksisterar særleg tariffar eller gebyrsatsar for personar eller verksemder, og om desse i så fall er i samsvar med regelverket.

Undersøkinga viser at det ikkje finst sær tariffar for enkeltpersonar, verksemder eller organisasjonar i Flora kommune. Det vert både i svar frå administrasjonen og vedtekter for VAR områda vist til at klageretten etter forvaltningslova vert ivareteken.

Siste problemstilling er eit spørsmål om utfakturering av gebyr vert gjort i samsvar med økonomirutinene.

Vår kontroll av utfaktureringa syner at økonomihandboka som styringsverktøy er utdatert, og følgjeleg at dagens praksis ikkje samsvarar fullt ut med rutinene i økonomihandboka. Vi rår rådmannen til å snarast byrje arbeidet med å revidere økonomihandboka som sist vart oppdatert i januar 2002.

1.2 Definisjonar av ord og uttrykk nytta i rapporten:

- ❖ VAR. Er forkorta av orda Vatn, Avlaup og Renovasjon
- ❖ Indirekte kostnader. Samanslege omgrep som femnar H- 2140 sine omgrep: støttefunksjonar og tilleggsytingar.
- ❖ Alternativkostnad tyder det same som kalkulatoriske renter. Kalkulatoriske renter nyttast i sjølvkostrekneskapen som eit uttrykk for finansiell kostnad.

1.3 Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet.

For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig. Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår

uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit i utføringa av denne forvaltningsrevisjonen.

Vi har ingen nærstående jf. kl. § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i Flora kommune, det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

2 OM FORVALTNINGSREVISJON

Denne rapporten er utarbeidd av KRYSS- Revisjon på oppdrag frå kontrollutvalet i Flora kommune. Oppdraget vart formalisert gjennom vedtak i kontrollutvalet og eiga skriftleg tinging.

2.1 Rettsleg forankring av revisjon og forvaltningsrevisjon

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommuneleva § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KR D den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommuneleva § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

2.2 KRYSS-Revisjon

KRYSS-Revisjon er eit interkommunalt samarbeid oppretta etter Kommuneleva § 27, og verksemda er resultatet av samanslåinga av dei tre tidlegare revisjonsdistrikta i Ytre Sogn, Ytre Sunnfjord og Indre Sunnfjord. Samarbeidet har to *forvaltningsrevisorar* tilsette på heiltid.

3 BAKGRUNNEN FOR OG PROBLEMSTILLINGANE I UNDERSØKINGA

3.1 Formelt om tinginga av forvaltningsrevisjonen

Bakgrunnen for dette prosjektet går fram av *tingingsdokumentet* frå SEKOM-sekretariat, datert 28.10.2010 Det vert der synt til at dei styrande organa i Flora kommune ynskjer å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VAR- sektoren samsvarar med gjeldande regleverk for desse tenestene. Tinginga vart formelt vedteke i kontrollutvalet i sak 043/10 den 28.10.2010.

3.2 Tingingsdokumentet frå SEKOM

3.2.1 *Føremålet med – problemstillingar i – og avgrensingar av prosjektet, i følgje tingsingsdokumentet*

Føremålet med forvaltningsrevisjonsprosjektet går fram av tingsingsdokumentet.

Problemstillingane for forvaltningsprosjektet er gjeve i tingsingsdokumentet:

- Problemstilling 1: Er nøklar som ligg til grunn for fordelinga av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ?
- Problemstilling 2: Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert evt. Fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar ?

- Problemstilling 3: Er evt. Særtariffar/gebyrsatsar for einstilte personar eller verksemdar i samsvar med regelverket ?
- Problemstilling 4: Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutinane ?

Tingingsdokumentet seier at kontrollen skal **avgrensast** til rekneskapstala for 2010 og budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2011.

3.2.2 Presisering av vår oppdragsforståing

Slik vi forståing tinginga frå kontrollutvalet er det ikkje bedt om ei totalvurdering av Flora kommune si praktisering av sjølvkostprinsippet. Oppdraget tar for seg konkrete delar av gebyrgrunnlaget og gjev klare føringar på kva som skal reviderast. Vår rapport vil difor ikkje jf tinginga gje ein fullgod gjennomgang av Flora kommune si totalpraktisering av reglane og retningslinene styrande for sjølvkosttenestene. Meir presist tyder det at vi ikkje vil gjere revisjonsarbeid som elles vert utført i den ordinære rekneskapsrevisjonen. I vårt arbeid vil vi difor bruke det talmaterialet som er revidert og som på det viset er revisjonsfagleg kvalitetssikra.

Slik vi forståing tinginga, legg vi til grunn at indirekte kostnader er dei kostnader som ein ikkje finn direkte på rekneskapskontoane for vatn, avlaup og renovasjon i drifta eksklusiv avskrivningar og kalkulatoriske renter

4 REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

4.1 Generelt om revisjonskjelder og revisjonskriterium

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningsliner m.v. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, bør fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖ RSK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

4.2 Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk m.a. i økonomihandboka til kommunen.

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

Dei mest relevante rettsreglane¹ innan tenester som vert omfatta av omgrepet sjølvkost er å finne i:

- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974. Utgangspunktet for lova og forskrifta til lova er at brukarane av tenestene (vatn og avlaup) bør bære kostnadane med tenestene. Merk at lova ikkje stiller krav om full kostnadsdekking.
- Forurensingsloven. Innafor avfallsområdet er det satt eit lovmessig krav om at sjølvkost skal danne grunnlaget for brukarbetalinga.
- Plan- og bygningsloven. Lova seier at brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost. Sjå PBL § 109
- Kart- og delingsloven. Brukarbetaling kan maksimalt dekke sjølvkost, jf Kart- og delingslova § 5-2.
- Brannvernloven. Brannvernlova § 28 seier at brukarbetalinga maksimalt kan dekke sjølvkost innan feietenestene.

Eit sentralt styringsdokument for sjølvkosttenestene er Kommunal- og regionaldepartementet sitt dokument H-2140 ”Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester”.

I H – 2140 vert omgrepet sjølvkost definert som : ”Selvkost er den merkostnad kommunen påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste.”

Meirkostnad må forståast som dei kostnader som kommunen har knytt til den samla produksjonen av den aktuelle tenesta. Utgangspunktet for å rekne sjølvkost er då dei kostnader som er tilknytta framstillinga/produksjonen av den aktuelle tenesta. Dei utgiftene /kostnadene kommunen har som kjem uavhengig av produksjonen av den aktuelle tenesta vert ikkje omfatta av omgrepet meirkostnad. Det tyder at sjølvkost er å sjå på som den del av kommunen sine kostnader som samvarierer med storleiken på sjølve tenesta. Og altså IKKJE som ein del av kommunen sine totale utgifter/kostnader. Omgrepet meirkostnad femnar kring årlege driftsutgifter og årlege kapitalkostnader. Retningslinene for utrekning av sjølvkost utleier ein generell modell der dei direkte utgiftene for å framstille tenesta alltid er relevante i sjølvkostkalkyla, medan indirekte utgifter både kan vere relevante og ikkje – relevante i sjølvkostkalkyla. Om de er relevante eller ikkje, kjem an på om kostnaden det er snakk om kan reknast som ein meirkostnad i forhold til definisjonen av sjølvkost eller ikkje.

Retningslinene syner i så måte ein generell modell der framstillinga av ein kommunal teneste er samansett av ulike funksjonar. I modellen vert framstillinga av ei kommunal sjølvkostteneste inndelt i 3 komponentar. Kjerneproduktet, tilleggssytingane og støttfunksjonane.

Kjerneproduktet er sjølve tenesta ytt. Kostnadane her finn vi registrert i rekneskapen under rett funksjon/teneste.

Tilleggssytingar og støttfunksjonane er aktivitetar som er naudsynt for kommunal drift i det heile. I det ligg det at den del av desse aktivitetane som varierar i omfang direkte relatert til sjølvkosttenesta kan reknast som meirkostnad og dermed vere relatert eller ”henførbar” som er omgrepet nytta i retningslinene. Retningslinene nyttar samleomgrepet interntenester i staden for å skilje mellom støttfunksjonar og tilleggssytingar. I og med at interntenestene ofte er knytt til framstilling av fleire tenester må det være eit system i kommunen som fordelar kostnadane på den einskilde tenesta. I retningslinene er foreslått fordeling av desse funksjonane ofte skjønnsprega. Men som det framgår av døma i retningslinene er det ein føremon om fordelingsnøkkelen er etterprovbar i form av objektive kriterier som tal bilag, omsetning, del nytta areal, tal tilsette, stillingsstorleik m v.

I retningslinene vert sjølvkost vidare modellert og konkretisert som døme på korleis ein kan gjere det. Konkretiseringa med både utførande forklaringar og reine døme gjer til at retningslinene vert opplevd som relativt detaljerte.

¹ Ein rettsregel er ein regulerande norm som uttrykker gjeldande rett.

Vi ser det naturleg å utleie dei spesifikke revisjonskriteriane til dei einsskilde spørsmåla direkte frå retningslinene i H – 2140 der dei høver.

Viktig å merke seg er at berre lov om forureining set som vilkår at forureinar skal betale fullt ut for arbeidet med å handtere avfallet. Ingen av dei andre aktuelle lovene har krav om at brukar skal dekke kostnadene med tenesta fullt ut. I desse tenestene er sjølvkost taket på kor store gebyra kan vere. I kva grad ordningane med vass- og kloakkavgift skal vere sjølvfinansierande må difor avgjerast av kommunestyret gjennom vedtak.

4.2.1 Revisjonskriteria knytt til problemstillingane i rapporten

Dei konkretiserte revisjonskjeldene – revisjonskriteria – som er nytta i denne rapporten, er fleire. Nedanfor er revisjonskriteria og problemstillingane (i følgje tinginga) dei er knytte til, lista opp:

Problemstilling:	Ordlyd:	Revisjonskriterium:
Nr 1:	<ul style="list-style-type: none"> Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm ? 	<ul style="list-style-type: none"> Sjå H-2140 "Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester" kapittel 3.2 tilleggssytelser og støttefunksjoner (interntjenester).
Nr 2:	<ul style="list-style-type: none"> Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert evt. Fondsmidlar nytta innan gjeldande fristar ? 	<ul style="list-style-type: none"> Kommunale rekneskapsforskrifter og H-2140 kapittel 5 "Praktisering av selvkostprinsippet – Behandling av overskudd eller underskudd i selvkostregnskapet – bruk av fond side 29 og utover.
Nr 3:	<ul style="list-style-type: none"> Er evt. Særtariffar/gebyrsatsar for einsskilde personar eller verksemder i samsvar med regelverket ? 	<ul style="list-style-type: none"> Flora kommune sine "Vedtekt for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune frå 01012001." Vedteke i bystyresak 007/01, samt vedtektene for tømning av slamavskiljarar og vedtektene for handsaming av avfall. I tillegg vert gebyra regulert gjennom Gebyrregulativet i Flora kommune, vedteke i årvis sak om Årsbudsjettet for Flora kommune.
	<ul style="list-style-type: none"> Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med rutinane ? 	<ul style="list-style-type: none"> Økonomihandboka for Flora kommune. Bokføringsforskrifta § 5-1-1

Tabell 1: Problemstillingar i forvaltningsrevisjonen og nytta revisjonskriterium

5 METODE

Vi føreset i vårt arbeid med denne revisjonen at vi har fått tilgang til, og er oss førelagt all etterspurd eller relevant dokumentasjon, og at dokumentasjonen som elles er stilt til rådvelde er komplett og dekkjande.

Meir spesifikt har vi nytta dokumentanalyse, analyse av økonomi- og personaldata og samtalar med tenesteeiningsleiarar. Vi har i tillegg nytta revisjonsvurderingar og notat henta frå oppdragsansvarleg revisor for kommunerekneskapet i arbeidet med denne forvaltningsrevisjonen så langt dei passsar.

6 SKILDRING AV DET REVIDERTE TENESTEOMRÅDET

6.1 Administrativ organisering:

Flora kommune er administrativt organisert i ein flat struktur² med rådmannsteam og 26 tenesteeiningar.

Rådmannsteamet består av rådmannen og 3 kommunalsjefar. Desse 4 er den administrative toppleiargruppa i Flora kommune.

Viktige styringsdokument i kommunen er: Administrativt delegasjonsreglement, økonomireglement, handlingsplanane, finansreglement, etikkreglement, politisk delegasjonsreglement m.m.

Tenesteeiningane ved tenesteleiarane har sin mynde etter det administrative delegasjonsreglementet.

7 PROBLEMSTILLING 1: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 1 lyder slik:

”Er nøklar som ligg til grunn for fordeling av indirekte kostnader i samsvar med gjeldande tilrådingar eller norm?”

7.1 Fakta

7.1.1 Innleiing

Gjennom vårt arbeid med informasjonsinnsamling og datainnhenting, i tillegg til møter med involverte einingar, har vi fått framlagt og forklara fordelingsnøklane nytta i flora kommune i VAR – sektoren. I og med at problemstillinga så spesifikt angir kva nøklar det skal rapporterast om, vil informasjon som ikkje direkte gjeld problemstilliga verte nytta der denne er naudsynt for å gje eit utfyllande bilete av og forklaring til fordelingsnøkkelen.

7.1.2 Presisering

Problemstillinga slik ho står må avklarast i høve dei faktorane og omgrepa som vert nytta i H- 2140. Vi vel å avgrense og operasjonalisere omgrepa i tinginga slik.

Indirekte kostnader:

Omgrepet er ikkje direkte nytta i retningslinene. Indirekte kostnader vert difor operasjonalisert til å omfatte delar av det som vert kalla for tilleggsytingar og støttefunksjonar etter retningslinene. I og med at kommunane i Norge faktisk organiserer sine tenester forskjellig, er det ofte vanskeleg å definere klårt kva som er tilleggstenester og kva som er støttefunksjonar. Rettleiaren nyttar difor samleomgrepet *interntenester* på ovannemnde utgiftstypar.

Tilrådingar eller norm:

Vert operasjonalisert og fortolka etter innhaldet i H – 2140. Nærare presisert vil det seie at heile regelverket i utgangspunktet gjeld, men at dei delar av regelverket som er relevant for problemstillinga vil verte synt til og nytta som kriterium, i analysa.

² ”Flat struktur”, ”tonivåmodell” eller ”einingsmodell” er tre noko upresise begrep som skal fange opp ei viktig utvikling i kommunal organisering dei siste ti åra. Kjenneteikn: Tal leiarnivå består ofte av rådmann og einingsleiar, derav begrepet ”tonivåmodell”. I flora kommune har dessutan rådmannen eit leiarteam bestående av 3 kommunalsjefar.

I arbeidet med denne revisjonen, har vi gjennom møter med einingsleiar og rekneskapspersonale motteke dokument og fått forklaringar på spørsmål som er egna til å svare på problemstillinga.

I eit dokumentet "Sjølvkost VAR" som er en del av økonomirutinane i Flora kommune, vert fordelingsnøkkelen nytta for "henførbare" tenester (tilleggsstenester og støttefunksjonar) synt og forklara.

Flora kommune nyttar det dei kallar aktivitetsbasert fastsetting av VAR – sektoren sitt forbruk av henførbare administrative kostnader. Desse kostnadane vart opphavleg vurdert med utgangspunkt i forholdet mellom VAR aktivitet og anna aktivitet i kommunen. I dette ligg det at samla utgifter til VAR området utgjer 6 % av totale driftsutgifter i kommunerekneskapen. Grunnlaget for dagens hovudnøkkel ligg ein del år tilbake i tid. Vi har ikkje oversikt over kva år arbeidet med han vart gjennomført..

Elles er aktivitet i fordelingsnøkkelen forklart å vere omsetningstala frå rekneskapen. Nøkkelen vert framleis nytta, men han blir justert dersom det er grunnlag for å meine at den einiskilde aktivitet tek belastar VAR områda meir enn kva hovudnøkkelen seier.

Fordelingsnøkkelen varierar dermed mellom 6% og 12 %. Dei forskjellige nøklane vert i sin tur fordelt dei tre sjølvkostområda, vatn, avlaup og renovasjon med ein tredel kvar. Det er elles ikkje framlagt andre vurderingar eller dokumentasjonar som understøtter hovudnøkkelen.

7.1.3 Dokumentasjonen frå kommunen.

Frå kommunen har vi fått overlevert styringsdokument og arbeidsskildringar som eininga og rekneskapsavdelinga har, og som dei meiner er relevante i høve problemstillinga. Det vert i denne dokumentasjonen synt til korleis Flora kommune fordelar interntenestene i forhold til fordelingsnøkkelen "Prosentuell aktivitetsfordeling"³. Avskrivingsperioden er opplyst og det føreligg egne oppsett som syner historiske avskrivningar og restverdi på anlegga.

I grunnlagsdokumentasjonen frå Flora kommune er det oversikter henta direkte frå rekneskapen og eigneproduserte oversikter som syner avskrivingsgrunnlaget for kontrollerte år. Det ligg også føre understøttande dokument i oversendt materiale frå administrasjonen, og desse vil verte handsama i rapporten der dei naturleg høyrer heime.

7.1.4 Revisjon

Flora kommune inkluderar desse kostnadane i sitt sjølvkostreneskap. Hovudfordelingsnøkkelen vert nytta og 6 % av revisjonskostnaden vert overført Sjølvkost VAR. For 2010 utgjer dette totalt kr 48.780,- Dette er i samsvar med hovudfordelingsnøkkelen.

7.1.5 Lærningar

I fylgje dokumentasjonen frå Flora kommune er lærningar fordelt med 6 % til sjølvkost VAR. For 2010 er summen kr. 34.954,- Dette samsvarar med hovudfordelingsnøkkelen.

7.1.6 Juridisk teneste

Dokumentasjonen frå Flora kommune viser at juridiske tenester vert fordelt med 6% til sjølvkost VAR. For 2010 er summen kr. 23291,- Dette samsvarar med hovudfordelingsnøkkelen.

7.1.7 Tenestetorg

I fylgje dokumentasjonen frå kommunen vert utgiftene til tenestetorget fordelt med 10,5% til sjølvkost VAR. I dokumentet frå kommunen er avviket frå hovudfordelingsnøkkelen forklara og

³ Omgrepet "Prosentuell aktivitetsfordeling" er revisjonen sin konstruksjon, og referer seg til fordelingsnøkkelen oppgjeve av Flora kommune, der 6 % av forholdstalet mellom totale utgifter og VAR utgifter vert fordelt sjølvkostområda.

grunngeve med at tidsbruken i telefonar, kundeoppmøte på tenestetorget i større grad enn hovudnøkkelen relaterer seg til spørsmål og handsmaning av saker som gjeld VAR området. For 2010 er fordelt sum kr 642.530,-

7.1.8 Fag og utvikling, inklusiv, personal og IKT- avdelinga

I dokumentasjonen frå kommunen vert utgiftene til desse interntenestene fordelt med 10,5 % til sjølvkost VAR. Avviket frå hovudnøkkelen er i fylgje dokumentet frå kommunen fordi ein har vurdert at VAR området tek meir av desse tenestene For 2010 er fordelt sum kr .948.534,-

7.1.9 Kompetanse, fellesutgifter økonomi⁴, avskrivningar EDB utstyr og gruppeliv/yrkesskade

I dokumentasjonen frå kommunen vert utgiftene til desse interntenestene fordelt med 6 % til sjølvkost VAR. For 2010 er sum fordelt kr. 344.844,-. Dette er i samsvar med hovudfordelingsnøkkelen.

Funn:

- ❖ Flora kommune fordeler interntenester til sjølvkostområda VAR.
- ❖ Fordelingsnøkklane er basert i ein aktivitetsbasert modell. Hovudfordelingsnøkkelen er sett til 6 % basert på forholdet mellom totale utgifter og VAR utgifter. Hovudnøkkelen vert nytta på 7 interntenester. På dei resterande 5 oppførte interntenestene er fordelingsnøkklane 10,5% til 12 %.

7.2 Vurderingar og konklusjonar

7.2.1 Fordelingsnøkklane i Flora kommune

Hovudfordelingsnøkkelen for interntenestene er basert på ein aktivitetsbasert modell, der utgangspunktet er forholdet mellom VAR omsetning og totale driftsutgifter i kommunerekneskapen. For å vurdere denne fordelingsnøkkelen, har vi tidlegare i rapporten under overskrifta revisjonskriterier synt at vi vil nytte dokumentet H – 2140 som vårt kriterium. I og med at det framgår av forureiningsforskrifta § 16-1 at reglane i H-2140 bør leggjast til grunn ved fastsetjing av vass- og avlaupsgebyr forutset vi at denne heimelen også analogt kan nyttast på renovasjonsområdet.

Ved å lese H-2140 ser ein at departementet ikkje kategorisk pålegg kommunane å følgje ein viss metode til å fordele interntenester. I retningslinene side 4, punkt 1.2, står dette: *”I de tilfeller hvor tjenesten har lav økonomisk betydning for kommunen og betalingsattsene utgjør små beløp for brukeren, vil det være få incitamenten til å legge betydelige ressurser i en selvkostkalkyle”*.

Slik vi vurderer dette, seier regelverket at ein kommune kan gjere jobben med å dokumentere kostnadane mindre dersom tenesta gjev små inntekter til kommunen og samtidig gjev den einskilde tenestemottaktar låg rekning. Kva som skal reknast som små beløp for brukaren og kommunen seier ikkje regelverket noko om.

Slik vi ser det er det difor naudsynt å vurdere tala som ligg i sjølvkostrekneskapen på VAR – områda. Sjølvkostrekneskapet er samansett av direkte utgifter ført på tenestene (inklusiv avskrivningskostnader), henførbare kostnader(interntenester) og kapitalkostnader. I Flora kommune utgjorde interntenestekostnadane i sjølvkostrekneskapen for 2010, om lag 3 millionar kroner av totalt 40,7 millionar kroner. Det er 7,5 % av utgiftene i VAR tenestene. Vi meiner at både summen og prosenten er såpass høg, at krava i H - 2140 til dokumentasjon på interntenestene bør etterlevast. I og med at fordelingsnøkkelen, og avvika frå denne er VAR området sin prosent av totale utgifter, tillagt skjønnsvurderingar, må vi undersøkje om dette er nok til å etterleve krava sett i H – 2140.

⁴ I denne tenesta ligg mellom anna fordelte utgifter som husleige, sentralbord, samfunnshuset. Årsaka til at dette ligg her, er at økonomi har utgiftene til desse funksjonane i si budsjettramme.

7.2.2 Krav til dokumentasjon på interntenester jf H – 2140

Innleiingsvis i H-2140 på side 4, punkt 1.2 går det fram at presisjonen på og totaliteten i ein sjølvkostkalkyle bør vektast i høve økonomisk tyding av den einskilde tenesete.

I siste setning på side 4 framgår det at solid dokumentasjon på kostnadane vil vere eit effektivt middel for å syne at sjølvkostprinsippet er etterlevd.

På side 14 i H-2140 under punkt 3.2.1 er det opplista i 14 punkt dei interntenester som er mest vanleg å inkludere i ein sjølvkostrekneskap.

Interntenestene som er mest vanleg å inkludere vert frå side 14 og utover særleg handsama. Under kvar teneste vert det gjeve klare anbefalingar på den mest relevante måten å dokumentere fordelingsnøklane.

Slik vi vurderer retningslinene bør kommunen ha fordelingsnøklar som kan dokumenterast med konkrete, etterprovbare og målbare storleikar. Døme: omsetning, timeregistrering på aktivitetar, tal transaksjonar bilagsmengde, andel tilsette, tal arbeidsstasjonar og nytta areal. Sjå elles side 14 – 17 i H – 2140.

I Flora kommune er ikkje fordelingsnøklane dokumentert på ein slik måte som retningslinene legg opp til. Det er slik vi ser det ikkje presist nok å syne til prosentdelen VAR utgiftene utgjør av totale utgifter. Vi meiner også at erfaringar og skjønn som argument for å auke opp fordelingsprosenten på nokre av interntenestene er for svak dokumentasjon til å kunne konkludere med at retningslinene i H – 2140 er etterlevd.

Slik vi vurderer retningslinene, er det sentrale poenget at kommunen faktisk gjer ein jobb i å dokumentere interntenestekostnaden. Det retningslinene i H - 2140 opnar for, er at det er fleire moglege innfallsvinklar mot det målet.

7.2.3 Konklusjon.

Fordelingsnøklane som ligg til grunn for fordeling av internkostnader er ikkje godt nok dokumentert i høve krava i H – 2140.

Tilråding: Interntenestene i sjølvkostrekneskapen på VAR området bør forankrast i samsvar med anbefalingane i H 2140. Dokumentasjonen på fordelingsnøklane bør vere etterprovable.

8 PROBLEMSTILLING 2: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 2

”Vert mindreforbruk overført bundne fond og vert evt fondsmidlar nytta innan gjeldande tidsfristar ?”

8.1 Fakta

8.1.1 Nytt metode til denne problemstillinga

I og med at problemstillinga er eit reint spørsmål om Flora kommune sin rekneskapspraksis på eit heilt konkret tema, meiner vi at RSK 001 ikkje høver metodisk. Vi vel i staden for å nytte arbeidet utført av rekneskapsrevisor i årsavslutningsrevisjonen på sjølvkostfonda i 2009 og 2010 som grunnlag. Konkret har vi brukt rekneskapsrevisor sitt arbeid som dokumentasjon på om reglane for

bruk og avsetning til dei bundne sjølvkostfonda er i samsvar med rekneskapsreglane. Vi har basert oss på revisjonsmeldinga og underliggjande arbeidspapir i vårt arbeid. I det arbeidet vert det elles også kontrollert om sjølvkostfonda, som i rekneskapsterminologi er bundne driftsfond, vert utlikna over ein tre- til femårsperiode i samsvar med tilrådingane i H- 2140 side 29 og utover.

8.1.2 2009 - 2010

Som ein del av årsavslutningsrevisjonen har revisjonen gått gjennom sjølvkostrekneskapen, som ligg ved årsrekneskapen for Flora kommune som eiga noteopplysning (note 20).

Funn:

- ❖ Det er samsvar mellom IB og UB på sjølvkostfonda. Bruk og avsetning til sjølvkostfonda er korrekt i høve gjeldande reglar
- ❖ Revisor har i revisjonsmeldingane for åra 2009 og 2010 presisert at det kommunen har lånt 2,55 mill. kroner av sjølvkostfondet kloakk. Desse midlane skal dekkjast inn i 2011 rekneskapen. 1 mill kroner må dekkjast inn over driftsrekneskapen, medan 1,55 mill. kroner må dekkjast inn via investeringsrekneskapen.

Forutan lånet av sjølvkostfond kloakk, føreligg det ikkje tilhøve til sjølvkostrekneskapen som tilseier at det er gjort vesentlege feil i etterkalkulasjonane eller løpande rekneskapsførsle.

8.2 Vurderingar og konklusjon

Slik vi ser det er Flora kommune sine faktiske rutiner i samsvar med rekneskapsforskriftene og Retningslinene i H – 2140 når det gjeld bruk og avsetning til dei bundne driftsfonda på sjølvkostområda VAR.

I rekneskapsrevisjonen har vi ikkje funne indikasjonar på at kommunen ikkje forheld seg til dei spesielle reglane som gjeld for sjølvkostfonda. Vi tenkjer her på det faktum at sjølvkostfonda skal utliknast over ein 3 til 5 års periode. Anten ved at brukarane får redusert sine rekningar ved fondsoppbygging), eller som auke i rekningane ved underskot (gitt at kommunen har sjølvkost som fasit for prissettinga av desse tenestene)

8.2.1 Konklusjon

Flora kommune overfører overskot på sjølvkosttenestene til bundne driftsfond på dei einskilde sjølvkostområda. Lånet frå sjølvkostfond kloakk må tilbakeførast i 2011 rekneskapen. Det vil få direkte resultatteffekt.

9 PROBLEMSTILLING 3: FAKTA, VURDERING OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 3 lyder slik:

”Er evt særtariffar/gebyrsatsar for einskilde personar eller verksemdar i samsvar med regelverket ?”

9.1 Fakta

Vi tok kontakt med rekneskapsavdelinga i form av ein e-post datert 29. februar 2012 for å få svar på spørsmålet. I attendemeldinga frå rekneskapsavdelinga vert det vist til at det ikkje finst eigne særtariffar eller gebyrsatsar for einskildpersonar eller verksemdar i Flora kommune. Kort forklara er gebyrregulativet i Flora, som regulerer prisane på dei forskjellige kommunale tenestene, forankra i dei årlege budsjettvedtaka for Flora kommune. Gebyrregulativet er juridisk forankra i dei lokale forskriftene med nemninga ”Vedtekter for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune”, ”Kommunal vedtekt for tømning av slamavskiljar, privet, tette tankar m.v. og gebyr for dette” og ”Vedtekter for

handsaming av avfall for Flora kommune og gebyr for dette". Vedtektene vart i si tid vedteke av bystyret den 13/2-2001 i sak 007/01.

I vår førespurnad til kommunen bad vi om å få vite kva ein innbyggjar eller verksemd må gjere dersom dei ynskjer lægre gebyr på ei teneste. I attendemeldinga frå kommunen vart det synt til vedtektene for dei forskjellige tenestene i VAR.

I "Vedtekter for handsaming av avfall for Flora kommune og gebyr for dette" § 17 er klageretten heimla. Paragrafen fastslår at einskildvedtak gjort av Flora kommune i medhald av vedtektene kan klagast inn for Klagenemnda. I dette ligg moglegheita for den einskilde til å få handsama si klage på til dømes gebyrstorleik.

Klageretten er også innteke i dei andre vedtektene regulerande for VA områda i Flora kommune.

9.2 Vurderingar og konklusjon

Slik attendemeldinga frå administrasjonen framstår pr. telefon, er det klårt at ingen grupper eller einskildpersonar har særtariffar eller gebyrsatsar i Flora kommune.

Kommunen har så langt vi ser det, formalisert sitt grunnlag for å fakturere sine kundar gjennom vedtektne lokale forskrifter (nemna vedtekter) og dei årlege budsjettvedtaka (som er heimelen for dei årlege gebyra kommunen tek for sine tenester innanfor VAR – området).

Slik vi ser det, er den einskildes rettar til å klage på eit gebyr nedfelt i vedtektene og vidare konkretisert ved at rettsstillinga som part er klårgjort ved ein klage. Partsomgrepet gjev etter forvaltningslova den einskilde omfattande rettar til innsyn og tilsvarande omfattande pliktar for forvaltningsorganet i si sakshandsaming.

9.2.1 Konklusjon.

Det er ingen personar, bedrifter eller organisasjonar som har eigne særtariffar eller gebyrsatsar i Flora kommune.

10 PROBLEMSTILLING 4: FAKTA, VURDERINGAR OG KONKLUSJONAR

Problemstilling 4 lyder slik:

"Vert utfakturering av gebyra gjort i samsvar med økonomirutinene i Flora kommune"

10.1.1 Avgrensing av problemstillinga

Slik vi oppfattar problemstillinga, er ikkje fokuset i vårt mandat å sjå på korleis kommunen driv sjølve innfordringa og implisitt korleis tvangsinnfordringa i Flora kommune fungerer.

Vi oppfattar tinginga til å vere avgrensa til å gjelde sjølve rutinene kring grunnlaget frå tenestene og sjølve jobben med å sende ut faktura frå økonomiavdelinga.

10.1.2 Metodisk tilnærming

For å svare på problemstillinga er det etter vår vurdering sentralt å faktisk gå inn i økonomihandboka⁵ å sjå kva krav som er stilt. Desse krava vert samanholdt med dei administrative rutinene tilkomme undervegs i prosjektet. Når dei konkrete kriteria er utleia derfrå, vert dei nytta i arbeidet med å sjekke sjølve utfaktureringa. Vi har som ein konsekvens av det, tatt kopi av utvalde utkøyrt fakturaer og bedt om attendemelding på våre spørsmål frå rekneskapseininga. Til slutt er desse analysert og vurdert mot problemstillinga.

⁵ Økonomihandbok for Flora kommune

10.2 Fakta

I arbeidet med utfakturering og innfordring vert programvara KomTek (som er eit fag system levert av Geo Service), Visma Enterprise og Vaxtra innfordring nytta. I KomTek ligg mellom anna grunnlagsopplysningane om eigedom. KomTek er eit forsystem og fagsystem med fleire bruksområder. Enterprise er programvaremodulen for fakturering. Vaxtra er eit webbasert innfordringssystem som vert nytta i arbeidet med innfordring av forfalne krav.

I oversendt dokumentasjon frå kommunen ligg det skildringar over kva arbeidsoppgåver tilsette på økonomiavdelinga har i arbeidet med å førebu og sende ut faktura på kommunale avgifter. I dag er prosessen med utsending av faktura basert på elektronisk handsaming. Fakturagrunnlaget vert innlest i Enterprise via fil frå KomTek.

10.2.1 Internkontrolltiltak

Ein viktig kontroll som vert gjort, er å sjekke at sum frå KomTek stemmer med sum utfakturert frå Enterprise. Av andre internkontrollrutiner som vert gjort frå økonomiavdelinga kan desse nemnast: Det vert gjort kontroll av at bruksareal i eigedomsmatrikkelen er samsvarande med dei grunnlagsopplysningane som ligg i KomTek, som igjen dannar grunnlaget for storleiken på vass- og avløpsgebyr.

Oppfølging ved eigarskifte på eksisterande bygg og oppfølging av nybygg under arbeid er også noko som vert gjort frå tilsette på økonomiavdelinga.

Det vert jf motteke dokument frå kommunen, også tatt kontakt med registrert eigar på kva renovasjonsabonnement som er høveleg for eigedom. I dokumentet frå kommunen går det o til slutt fram at det vert tatt ut rapportar på byggmeldte bygningar, for slik å halde oversikta over kor langt byggjeprosessen er komen.

10.2.2 Faktureringa

I dokumentet med overskrifta "Rutinar – Kommunale avgifter"⁶ står det at: Kommunale avgifter vert fakturert fire gonger i året.

Forfallsdatoar er 15/2, 15/5, 15/8 og 15/11. Vår kontroll av 8 utvalde faktura syner at fakturadato er i samsvar med skildra rutine.

I rutina vert det vist til at desse datoane er forankra i politisk vedtak. Nærare bestemt er kvartalsvis fakturering regulert i «Vedtekt for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune» punkt 4.2.3.

I høve interkontrolldokumentet "Økonomihandboka" skal fakturering skje den 1. i kvar måned.

Funn

Fakturering av kommunale avgifter skjer kvartalsvis i Flora kommune, jf kontroll av faktura og dokumentet "Rutinar – Kommunale avgifter".

I dokumentet "Økonomihandbok" står det i punkt 1.2 "utgåande fakturaer" at fakturering skal skje den 1. i kvar måned.

10.2.3 Internkontrolltiltak for fakturakøyring

Som internkontrolltiltak står det at det vert utført kontroll av at sum frå forsystem er lik sum faktura.

10.2.4 Purring

Purrerutinene i Flora kommune vert i dag elektronisk handsama i programvara Vaxtra⁷. Om ikkje ein kunde har betalt si rekning, produserar programmet automatisk 1. betalingsvarsel 14 dagar etter forfall. Kunden vert i denne purringa gjort merksam på at inkasso vert iverksett om kravet ikkje er betalt innan 14 dagar. Om ikkje 1. varsel fører til betaling frå kunde vert 2. varsel sendt kunden etter

⁶ Heretter nemna som rutina

⁷ Vaxtra innfordring er eit webbasert innfordringssystem oppdatert mot relevant regelverk, og med integrasjon mot dei fleste økonomisystem

nye 14 dagar. I dette 2.varselet med overskrift "Betalingsoppfordring – varsel om tvangsfullbyrdelse jf tvangsfullbyrdelseslova § 4-18 og § 13-2". I denne purringa vert kunden gjeve nye 14 dagar på å gjere opp for seg. Kunden vert gjort merksam på at rettsleg innkrevjing vil bli iverksett, og at det vil auke gebyra (forseinkingsrenter) om ikkje kravet vert betalt eller bestridt av kunden. Om ikkje dette varselet gjev resultat går det 3. varselet til eininga som har produsert kravet etter nye 14 dagar. Kravet er nå å sjå på som misleghalde. Tenesta/vara vert no stoppa av kommunen. 4.tiltak i innfordringskjeden er å sende begjæring om tvangsfullbyrdelse til namsmannen. Namsmannen har då ansvaret for å få gjennomført naudsynt tvangsinndriving av kravet. I det ligg det at namsmannen gjennomfører ein utleggsforretning⁸.

Funn

Vi registrerer at programvara Vaxtra ikkje er nemnt i økonomihandboka. Purrerutinene skildra der, er basert på tidlegare meir manuelle rutiner for innfordring og puring.

I det ikkje vedtekne rutinedokumentet "Rutinar- Kommunale avgifter" står det vidare at fakturagrunnlaget vert elektronisk registrert i Fakturering via fil frå forsystemet KomTek gebyrmodul. KomTek er ei programvare der mellom anna alle grunnlagsopplysningar om ein eigedom vert lagt inn. Slik sett er det også eit register over alle eigedomar i Flora kommune. Vi har undervegs fått fleire dokument frå administrasjonen som relativt detaljert skildrar rutiner og kontrollpunkt som vert gjennomført i arbeidet med å registrere og klårgjere grunnlaga for utsending av gebyr til kundane.

I økonomireglementet punkt 1.2 framgår det at fakturering så langt mogleg skal skje maskinelt via økonomisystemet. (Unique)

Arbeidsdelinga mellom tenestene og økonomiavdelinga er slik, jf økonomihandboka: Alt grunnlagsarbeid og meldingar som ligg til grunn for fakturering vert handsama og lagra ute på den einskilde tenesta. Om det heftar feil ved oversendt rekning skal skriftleg melding om det sendast økonomiavdelinga. På rettinga skal årsaka til rettinga, ny tilvising og kontering påførast.

Økonomiavdelinga har etter økonomihandboka punkt 1.2.1 ansvaret for å legge inn kundar og opprette og vedlikehalde kunderegisteret. Økonomiavdelinga skal ta ut fakturajournal og arkivere denne. Dei har ansvaret for å umiddelbart inntektsføre krava når faktura er utsendt. Det er økonomiavdelinga som etter økonomihandboka har ansvaret for den løpande vurderinga av fordringsmassen i balansen. To gonger i året skal tapte krav bokførast i driftsrekneskapen. I økonomihandboka er det elles utfyllande rutiner kring innfordringsreglane ved misleghalde krav, tapsavsetning, konstaterte tap på krav og saksgangen ved innkrevjing av kommunale krav. Det ligg ikkje til tinginga slik vi oppfattar ho at vi skal gjere ei vurdering av kommunen sin praksis i innfordringa av kommunale krav. Vi har difor ikkje i denne revisjonen vurdert dette.

10.2.5 Kontroll av tilfeldig utvalde faktura

I arbeidet med å finne ut om kommunen utfakturerar i samsvar med rutinene, fekk vi kopiar av tilfeldig utvalde og sendte faktura på kommunal fakturering. Kontrollen omfattar dato og betalingsfrist. Fakturaene produsert i programmet Unique Fakturering, vert også kontrollert mot tenesteeiningane sine grunnlagsdokument henta frå forsystemet KomTek.

⁸ Utleiggsforretning: innebærer at kreditor ber namsmannen tek pant i "det som finnes tjenelig til utlegg" hos debitor. Dette kan i teorien være det aller meste av formuesgoder men i praksis er det i hovedsak snakk om trekk i løn, pant i fast eigedom og/eller pant i motorkjøretøy.

Funn

I rekningane frå kommunen, er dei opplysningane som eit betalingsdokument skal ha tilstades jf Bokføringsforskrifta § 5-1-1. Det vil seie at rekninga frå kommunen inneheld:

Fakturadato, fakturanummer, selgar sitt navn og organisasjonsnummer, med bokstavene MVA i og med at verksemda er registrert i Merverdiavgiftsregisteret, kjøpar sitt navn, adresse eller organisasjonsnummer. Faktura inneheld ei klår skildring av kva det gjeld, omfanget og tidspunkt for kravet. Kravet i kroner og øre er oppgitt. Mva er spesifisert med sum og prosent.

10.3 Vurderingar og konklusjon

I arbeidet med forvaltningsrevisjonen vart det ganske tidleg klart at Økonomihandboka som er styrende for internkontrollen på det økonomiske området er forelda. Sist oppdatering vart gjort i januar 2002. Det er no over 10 år sidan. Mange endringar i lokal organisering, arbeidsdeling, IKT og ikkje minst lovverket har skjedd i løpet av desse åra. Etter vår oppfatning bør det snarast gjerast ei revisjon av økonomihandboka. Slik han ligg føre no er han på mange vis ikkje i samsvar med dagens Flora kommune. Eksempelvis er ikkje rutinar for- og tilbod om e - faktura nemnt i det heile, då dette ikkje var eit tema i 2002. I dag nyttar svært mange seg av denne mogleheita.

Problemet med eit så vidt utdatert styringsverktøy, er at vi meiner det i dag rett og slett ikkje vert nytta til aktiv styring av arbeidsoppgåvene. Slik vi ser det blir det derfor lite relevant å vurdere dagens praksis mot dette utdaterte kriteriet.

Til dømes er det heilt sikkert gode grunnar for å fakturere den 15. kvart kvartal, i standefor den 1. i kvar månad. Men som synt ovanfor står det i økonomihandboka at det skal fakturerast den 1. i kvar månad.

Når det gjeld innhaldet i fakturaene frå kommunen er desse slik vi ser det i samsvar med bokføringsforskrifta § 5-1-1.

10.3.1 Konklusjon

Utfakturering av gebyr vert ikkje gjort i samsvar med økonomihandboka slik ho ligg føre. Økonomihandboka har ikkje vorte oppdatert eller revidert sidan januar 2002. Økonomihandboka er på mange områdene utdatert. Nytt praksis på utfakturering og innfordring kan soleis ikkje vurderast mot relevant lokalt vedtekne rutiner. Dei framlagde rutinene som skildrar arbeidsfordeling, kvalitetssikring og faktiske rutiner er ikkje formelt forankra eller sanksjonert av rådmannen. Desse har difor ikkje status som formelle styringsdokument og kan ikkje av oss få status som revisjonskriterium.

Tilråding: Vi vil tilrå at rådmannen snarast byrjer arbeidet med å revidere økonomihandboka. Faktiske rutiner som vert nytta i dag, bør samlast og vurderast. Arbeidet med å revidere internkontrollrutinene bør involvere alle einingar. Revidert interkontrollsystem på økonomiområdet bør leggest fram for bystyret som eiga sak.

11 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL RAPPORTEN

Rådmannen har desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten jf mail frå rådmannen datert 16.5.2012:

- 1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?

Svar: God og utfyllande informasjon og dialog.

- 2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?

Svar: Ingen kommentar

- 3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?

Svar:

- I problemstilling 3 er Vedtekt for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune tatt inn som revisjonskriteria. Vedtekt for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune bør også inngå som revisjonsrevisjonskriteria til problemstilling 4. Det er nedfelt i desse vedtektene er det at gebyra vert fordelt over 4 terminar pr år.
- Revisor viser til dokumentet Økonomihandbok punkt 1.2 der det står at fakturering skal skje den 1. i kvar måned. Dette punktet i Økonomihandboka tar konkret for seg *arbeidsdeling mellom dei kommunale tenestene og økonomiavdelinga knytt til fakturering av tenestene sine krav*. Punktet i økonomihandboka går spesielt på at tenestene skal levere fakturagrunnlag til økonomiavdelinga, og at økonomiavdelinga gjennomfører sjølve faktureringa. Når ein kjem til fakturering av kommunale avgifter innafor VAR-rekneskapen er det økonomiavdelinga sjølv som innhenter informasjon og utarbeider fakturagrunnlaget. Dette punktet i Økonomihandboka gjeld derfor ikkje utfakturering av kommunale avgifter. Utfakturering av kommunale avgifter skjer i tråd med Vedtekt for vass- og avløpsgebyr for Flora kommune, dvs 4 gonger i året.

- 4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar og anbefalingar**?

Svar: Rådmannen ser at forvaltningsrevisjon av sjølvkostberekningar på VAR-sektoren peiker på et forbettringspotensiale når det gjeld dokumentasjon og administrative rutinar og oppdatering av desse. Rådmannen meiner samstundes at avgifts- og gebyrpraksisen er godt forankra i politiske vedtak.

- 5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?

Svar:

- a) Tilråding i rapporten jf pkt 7.2.3: "Interntenestene i sjølvkostrekneskapen på VAR området bør forankrast i samsvar med anbefalingane i H 2140. Dokumentasjonen på fordelingsnøklane bør vere etterprovbar."

- Kryss Revisjon har over ei rekke år revidert sjølvkostrekneskapen til Flora kommune, og administrasjonen har oppfatta at revisor har godkjent dei skjønsmessige fordelingane som har vore lagt til grunn. På bakgrunn av tilråding i denne rapporten vil rådmannen vurdere framlegg til tiltak.
- b) Tilråding i rapporten jf pkt 10.3.1: "Vi vil tilrå at rådmannen snarast byrjer arbeidet med å revidere økonomihandboka. Faktiske rutinar som vert nytta i dag, bør samlast og vurderast. Arbeidet med å revidere internkontrollrutinene bør involvere alle einingar. Revidert internkontrollsystem på økonomiområdet bør leggest fram for bystyret som eiga sak."
- I samband med føreståande politisk handsaming av kommunen sitt møte- og delegeringsreglement, samt føreståande arbeid med et administrativt delegeringsreglement, er det planlagt ein revidering av gjeldane økonomireglement. Dette er et tiltak som vil bli fremma av rådmannen uavhengig av denne revisjonsrapporten. Rapporten understreker imidlertid behovet for å prioritere dette arbeidet.

c) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?

Svar:


- Oppbygging og språkbruk er OK.

d) Har rådmannen **andre** merknader?

Svar:

- I pkt 8.1.2 står det: "Revisor har i revisjonsmeldingane for åra 2009 og 2010 presisert at kommunen har lånt 2,55 mill kroner av sjølvkostfondet kloakk." Gjer merksam på at dette er et lån som bystyret gjorde vedtak om i sak 54/02 av 2002. Sidan den gong har lånet vore synleggjort under memoria i balanserekneskapen til kommunen. Etter at administrasjonen tok tak i problemstillinga i note til årsrekneskapen for 2008 kom revisor med sine presiseringar i 2009 og 2010. Gjer vidare merksam på at 1 mill kr er knytt til drift og 1,55 mill kr til investering. 1 mill kr vart dekt inn over driftsrekneskapen for 2011, og 1,55 mill kr er innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2012.

Førde, den 16.5.2012



Charles Litsheim

Revisjonssjef forvaltning

REFERANSAR

Kommunelova

Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester, H – 2140 utgjeve av Kommunal- og regionaldepartementet januar 2003

Økonomihandboka for Flora kommune

Revisjonsberetningar for 2009 og 2010

Kommunale vedtekter for slam, vass- og avløpsgebyr

Kommunale vedtekter for handsaming av avfall

Rutiner for sjølvkost VAR

Møte- og delegasjonsreglement for Flora kommune

Diverse utskrifter frå innfordringssystemet og årsrekneskapen – herunder avskrivningar

Kopiar tekne av faktura til bedrifter og private kunder.

Rutineskildringar frå økonomi – herunder rutinar ved kommunale avgifter, fakturering og innfordring

Organisasjonskart og oppgåvefordelingsoversikt.

052/12 OPNE MØTE I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat

Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.2012	052/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalsmøta i Flora kommune skal gå for opne dører.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Saksutgreiing

OPNE MØTE I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet skal vurdere om møta i kontrollutvalet skal gå for opne eller lukka dører.

Saksopplysningar:

Noverande lovverk på området har som utgangspunkt at møta i kontrollutvalet går for lukka dører, men at kontrollutvalet kan vedta at møta skal gå for opne dører.

Opne møte i kontrollutvalet er pr. i dag heimla i kommunelova § 77 pkt 8 og lyder slik:

Kontrollutvalgets møter holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet. Dersom møtet holdes for åpne dører, skal dørene likevel lukkes dersom utvalget skal behandle opplysninger som er underlagt lovbestemt taushetsplikt. § 31 nr. 3 siste punktum gjelder tilsvarende.

Som det går fram av paragrafen er det altså kontrollutvalet sjølv som gjer vedtak om det skal vere fast regel at møta går for opne dører.

Det er likevel saker som ikkje kan handsamast for opne dører. Dette er heimla i kommunelova § 31 b pkt. 3:

Et folkevalgt organ kan vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern eller andre tungtveiende private eller offentlige interesser tilsier dette. Debatt om dette foregår for lukkede dører hvis møteleder krever det eller vedkommende organ vedtar det. Personalsaker skal alltid behandles for lukkede dører.

Det vert vist til paragrafen for informasjon om kva tid dørene skal vere lukka.

Kommunal- og regionaldepartementet har gjennom prosessen med endring av kommunelova signalisert ynskje om større openheit i den offentlege forvaltninga. Opne møte i kontrollutvalet er eit element i dette.

Kontrollutvalet skal på grunnlag av regelverket vurdere om kontrollutvalsmøta i Flora kommune skal gå for opne dører.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekom sekretariat har i dag seks kontrollutval som held møte for opne dører. I desse kontrollutvala har hovudargumentet vore å opne for innsyn i den offentlege forvaltninga. Sekom sekretariat har gjennom oppretting av eiga heimeside, der alle innkallingar til og møtebøke for kontrollutvalsmøte vert publisert, søkt å hjelpe desse seks kontrollutvala og også dei ni andre i samarbeidet med å vise openheit.

Vår vurdering er at openheit vil kunne skape større interesse og kunnskap om rolla til kontrollutvalet blant dei tilsette og politikarane i kommunen, og større tillit til den offentlege forvaltinga blant brukarane av tenestene til kommunen.

Vår vurdering er at kontrollutvalet bør sjå positivt på større openheit i den offentlege forvaltinga og vedta at møte i kontrollutvalet skal gå for opne dører.

Praktisk vil det medføre at møta må annonserast på lik line med andre møte i utval i Flora kommune, samstundes må ein ha klart føre seg rutinane som gjeld for lukking av møte i saker som etter lova krev dette.

053/12 OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	23.05.2012	053/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2012 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 5-2012 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2012 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 16.05 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2012 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortlaufande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
043/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkostberekningar – VAR – Sektoren - Tinging	28.10.10	Frist 01.11. 2011	29.10.10 Bestilling oversendt til KRYSS-revisjon. 14.10.11 Bede KRYSS om status. 14.10.11 Status frå KRYSS-revisjon. 10.11.11 Status frå KRYSS-revisjon. 28.02.12 Kontrollutvalet ber om at det blir purra. 07.03.12 s brev til KRYSS ber om status. 09.03.12 Status frå KRYSS. 16.05.12 Rapport motteken
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS.
Sak 08/12 Eventuelt	19.01.12		19.01.12 Nestleiar deltet på FKT-konferansen i Trondheim 6. og 7. 6.2012.
Sak 014/12 Reglement kontrollutvalet Flora kommune.	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet kjenner til administrasjonen sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet i "Arbeidsutkast for møte og delegeringsreglement". -Sekretariatet for kontrollutvalet, Sekom sekretariat, har også utarbeidd utkast til reglement for kontrollutvalet, som er vedteke i fleire andre kommunar som deltek i samarbeidet om Sekom sekretariat. -Kontrollutvalet ber om at Sekom sekretariat sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet vert innarbeid i "Møte- og delegeringsregelement" for Flora kommune. 05.03.12 s. Flora kommune. 23.04.12 Vedtak bst sak 042/12. Saka utsett til junimøtet.
Sak 015/12 Oppsummering seminar om kontroll og tilsyn i offentleg sektor	28.02.12		28.02.12 Saka utsett til OA er levert og ordf har orientert.
019/12 Godtgjersle for folkevalde	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet viser til brev frå om Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste av 22. januar 2012. - Kontrollutvalet vurderer det slik at dagens reglement i enkelte tilfelle ikkje er godt nok til å fastsetje kva som er rett godtgjersle for tapt arbeidsforteneste. - Kontrollutvalet ber rådmannen om snarast å leggje fram sak om nytt reglement for godtgjersle for folkevalde med klare retningsliner for dei ulike typar godtgjersle for folkevalde, og at det er mogeleg å kontrollere dei ulike utbetalingane mot reglementet. - Kontrollutvalet tilrår at utbetaling i ikkje kontrollerbare tilhøve inntil vidare vert stansa.

			07.03.12 Brev til Flora kommune.
031/12 Effektivisering politiske vedtak.	27.03.12		27.03.12: Vedtak KU: <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet registrer at politiske vedtak ikkje vert effektuerte innan gjevne fristar. - Vedtak i Klagesaka kraftlina kv420 Fardal - Ørskog der bystyret gjorde vedtak 09.02.2012 er ikkje sendt OED innan klagefristen. - Kontrollutvalet ber om at rådmannen innan neste møte i kontrollutvalet 27.04.2012 gjev ei skriftleg orientering om rutinar for effektivisering av politiske vedtak. 27.03.12 s. brev Flora kommune. Ikkje kome svar.
032/12 Kontrollutvalsmøte ute i einingane.	27.03.12		27.03.12 Vedtak KU: <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet vil i neste møte peike ut kva eining ein vil vitje først. Sjå sak 039/12
033/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	27.04.12		27.04.12: Vedtak KU – Ikkje merknader
034/12 Skriv og meldingar.	27.04.12		27.04.12: Vedtak KU – Skriv og meldingar tekne til vitande.
035/12 Årsrekneskapen 2011 – Innvandrarsenteret.	27.04.12		27.04.12:Fråsegn frå ku. 27.04.12 s. Flora kommune.
036/12 Årsrekneskapen 2011 – Allhuset i Eikefjord.	27.04.12		27.04.12: Fråsegn frå ku 27.04.12 s. Flora kommune.
037/12 Årsrekneskapen 2011 – Florø Køkkenservice.	27.04.12		27.04.12: Fråsegn frå ku 27.04.12 s. Flora kommune.
038/12 Orientering om tilsetjingstilhøve (Ikkje offentleg)	27.04.12		27.04.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
039/12 Kontrollutvalsmøte ute i einingane.	27.04.12		27.04.12: Vedtak KU – Neste møte på Helsestasjonen – omvising
040/12 Oppfølgingsliste 4-2012 Flora	27.04.12		27.04.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
041/12 Eventuelt (Ikkje offentleg)	27.04.12		27.04.12 Vedtak KU – Orientering om trafostasjon, reise og eitt tilsetjingstilhøve. Flytting av neste møte frå 23. til 25. mai. 30.04.05 s. div brev til Flora kommune.
042/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	23.05.12		
043/12 Skriv og meldingar	23.05.12		
044/12 Årsrekneskapen Flora Hamn KF	23.05.12		
045/12 Årsrekneskapen Havhesten Flora KF	23.05.12		
046/12 Årsrekneskapen 2011 – Flora kommune	23.05.12		
047/12 Orientering om tilsetjingstilhøve sekretær (Ikkje offentleg)	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune.
048/12 Orientering om tilsetjingstilhøve (Ikkje offentleg)	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune.
049/12 Orientering – Trafostasjon i Nybømarka.	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune.
050/12 Orientering – reise.	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12		

052/12 Opne møte i kontrollutvalet	23.05.12		
053/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Flora.	23.05.12		
054/12 Eventuelt.	23.05.12		

Oppdatert 16.05.12.

054/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	23.05.2012	054/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.